



Universitetet  
i Stavanger

UNIVERSITETET I STAVANGER

---

# Årsrapport

## 2019 - 2020

---



# Innhold

<b>I</b>	<b>Melding frå styret</b>	<b>3</b>
<b>II</b>	<b>Introduksjon til verksemd og hovudtal</b>	<b>7</b>
<b>III</b>	<b>Aktivitetar og resultat i 2019</b>	<b>10</b>
	Resultatrapportering på verksemdsmål	11
	Verksemdsområde 1: Utdanning	16
	Verksemdsområde 2: Forsking og kunstnarisk utviklingsarbeid	21
	Verksemdsområde 3: Samfunnsengasjement	23
	Verksemdsområde 4: Organisasjon og ressursar	27
	Anna rapportering	29
	Resultat og måloppnåing for andre midlar tildelt i 2019	30
<b>IV</b>	<b>Styring og kontroll i verksemda</b>	<b>31</b>
<b>V</b>	<b>Vurdering av framtidssutsikter</b>	<b>36</b>
	Verksemdsområde 1: Utdanning	37
	Verksemdsområde 2: Forsking og kunstnarisk utviklingsarbeid	38
	Verksemdsområde 3: Samfunnsengasjement	39
	Verksemdsområde 4: Organisasjon og ressursar	39
	Risikovurdering	40
	Campusutviklingsplanar og større byggeprosjekt	41
	Budsjett 2020	42
<b>VI</b>	<b>Årsrekneskap</b>	<b>44</b>



---

# I. Melding frå styret





2019 markerte eit år med viktige endringar ved Universitetet i Stavanger. Ny leiarstruktur blei innført frå 1. august med nytt rektorat under leiing av professor Klaus Mohn som tilsett rektor og konsernsjef Anne Marit Panengstuen som ekstern styreleiar. Gjennom 2019 hadde styret sju styremøte og behandla til saman 120 saker. Dei fire fyrste styremøta blei gjennomførte av det førre styret med 70 saker til behandling, medan det nye styret behandla 50 saker.

Av fleire viktige tema som har stått på dagsorden i 2019, er desse to blant dei viktigaste:

### **MEDISINUTDANNING**

UiS har lagt ned mykje ressursar i 2019 i arbeidet med å legge til rette for å få studieplassar i medisin til UiS. Dette har vore ei høgt prioritert oppgåve for UiS og for styret. I den samanhengen har det vore arbeidd mykje med å få til eit godt samarbeid med Stavanger Universitetssjukehus (SUS), primærhelsetenesta i Stavanger-regionen og med UiB. Styret er glad for den store innsatsen som er lagt ned av rektor og organisasjonen i det heile i dette arbeidet. Styret vil sikre at dette arbeidet held fram i 2020.

### **CAMPUSUTVIKLINGSPLAN**

Høg aktivitet ved universitetet, med fleire studentar og tilsette, krev meir plass både på kort og lang sikt. UiS har derfor sett i gang eit omfattande prosjekt i samarbeid med Statsbygg for å utvikle ein heilskapleg campusplan for Ullandhaug og Stavanger sentrum. Formålet er å få ein oppdatert og operativ plan som tar inn i seg noverande og framtidige planar innan bygg og infrastruktur, mellom anna nytt helsebygg i det nye sjukehuset på Ullandhaug. Ei rekke interessentar internt og eksternt er involverte i arbeidet.

### **RESULTAT I 2019**

#### **Utdanning og læringsmiljø**

Søkartala til UiS er om lag som i 2018, men tala for samla opptak er noko svakare i 2019. Det er sett i gang tiltak for å betre oppfyllingsgraden særleg på master-nivå og tiltak for å demme betre opp for fråfall. Gjennomføringa på normert tid på bachelor-utdanningane viser tydeleg betring frå 2018, medan

gjennomføring på masterutdanningane viser ein liten nedgang. Resultata frå Studiebarometeret er dessverre dårlegare for UiS enn gjennomsnittet i sektoren. Trass i tiltak som er sette i verk, er resultata i barometeret i all hovudsak uendra frå året før.

#### **Forsking**

Arbeidet med å auke ekstern finansiering i 2019 gav gode resultat. UiS fekk tilslag på heile 21 prosjekt frå Forskringsrådet med til saman 106,7 millionar kroner. 10 av prosjekta var innan kategorien forskarprosjekt. Styret er stolt av at UiS markerer seg med fleire framifrå forskingsmiljø, godt fordelt blant alle fakulteta.

#### **Innovasjon og samfunnsengasjement**

UiS har eit rikt samspel med omverda og set rolla som samfunnsbygger høgt. Entreprenørskapsaktivitet ved UiS er under god utvikling. Det var ein kraftig auke i kommersialiseringsverksemda i 2019. Vi sende over 100 forretningsidear til Validé, leverte fem patentsøknadar og gjennomførte 11 kommersialiseringar. Den digitale samhandlingsportalen styrker koplingar mellom arbeids- og samfunnsliv og studentane. I 2019 blei det registrert dobbelt så mange bachelor- og masteroppgåver som i 2018. UiS og Studentsamskipnaden i Stavanger har i mange år arbeidd med miljøtiltak. I 2019 blei UiS sertifisert som Miljøfyrtårn.

#### **Organisasjon og ressursar**

UiS har lukkast godt i arbeidet med å få opp talet på kvinnelege professorar, så òg i 2019. Det har vore ei stor merksemd knytt til leiarutvikling, og UiS starta i 2019 to nye kurskonsept i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (HVL), Forskringsleiing på Vestlandet og Kollegarettleing.



## **PRIORITERINGAR FOR 2020**

Styret har klare ambisjonar om å utvikle UiS vidare som eit internasjonalt universitet med vekt på nyskaping og innovasjon og har dermed fleire viktige oppgåver i 2020:

### **Strategi**

- vedta ny strategi for UiS – med arbeidstittel Strategi 2030. Arbeidet med ny strategi blir ei høgt
- prioritert oppgåve for organisasjonen og styret. Styret ønsker at strategien skal bli forankra i heile organisasjonen og i samfunnet rundt universitetet, og vil derfor sikre at alle studentar, tilsette og
- eksterne aktørar har høve til å delta i prosessen. Styret vonar på denne måten at den nye strategien vil bli eit levande dokument

### **Utdanning**

- følgje opp NOKUT-tilsynet og arbeide med å
- forbetre kvalitetssystemet ved UiS
- ferdigstille studiekonseptet og arbeide for gradsrett og studieplassar i medisin til UiS
- halde fram med oppfølgingsarbeidet etter Studiebarometeret, og vurdere nye tiltak og satsingsområde for å betre studenttilfredsheita og gjennomføring på normert tid
- auke talet på studentar og studiepoengsproduksjonen

### **Forskning**

- halde fram arbeidet for å auke ekstern finansiering av forskingsprosjekt og då særleg til EU sitt nye rammeprogram Horisont Europa

### **Innovasjon og samfunnsengasjement**

- prioritere forskingsformidling og historieforteljning om innovasjon og samspel med eksterne aktørar i digitale kanalar
- vidareutvikle entreprenørskapsaktivitetane gjennom styrkt oppfølging internt og ved samhandling med arbeidslivet

### **Organisasjon og ressursar**

- utvikle organisasjonen vidare på ein slik måte at han best mogleg støttar opp under universitetet sine oppgåver innan utdanning, forskning og formidling i 2020
- sette i verk tiltak for å auke det strategiske handlingsrommet
- slutføre og implementere campusutviklingsplanen
- redusere mellombelse tilsettingar til 14 prosent i løpet av 2020

Signaturer på denne side



---

## II. Introduksjon til verksemd og hovudtal





## SAMFUNNSOPPDRAG

UiS er underlagt Kunnskapsdepartementet. Universitetsstyret er det øvste styringsorganet, med ansvar for at institusjonen leverer gode resultat for samfunnsoppdraget innan utdanning, forskning og kunstnarisk utviklingsarbeid, med effektiv ressursutnytting og drift i samsvar med lover, reglar og forskrifter. Studieporteføljen består primært av fleirfaglege og yrkesretta studium innan teknologi, utdanning, helse- og sosialfag, økonomi og leiging, hotell og reiseliv, kunst-, kultur- og mediefag. Disiplinfaga (realfag, samfunnsfag og språk) utgjer eit viktig fundament for universitetet sine tverrfaglege utdanningar. Forskinga ved universitetet er i stor grad retta mot samfunnssektorane vi utdannar kandidatar til. Grunnleggande forskning står sentralt innan alle doktorgradsområda.

## ORGANISASJON

UiS er organisert på tre nivå. Kjerneverksemda er konsentrert rundt seks fakultet og eit arkeologisk museum på nivå 2. Det er store skilnadar i størrelsen på fakulteta. Nokre har ei organisering med institutt på nivå 3, andre har avdelingar. Administrative tenester er samla på to nivå med stor grad av sentralisering.

Universitetet har tilsett rektor, Klaus Mohn, som tiltredde 1. august 2019. Samtidig fekk universitetet tre prorektorar og ein direktør for organisasjon og infrastruktur. Prorektor for utdanning har ansvar for fellestenester for utdanningsstøtte og -utvikling, og for etter- og vidareutdanning. Prorektor for forskning har ansvar for fellestenester for forskingsstøtte og bibliotek, og prorektor for innovasjon og samfunn har ansvar for fellestenestene kommunikasjon og samfunnskontakt og innovasjon. Direktør for organisasjon og infrastruktur har ansvar for fellestenestene HR, økonomi, IT, bygg- og arealforvaltning, og i tillegg verksemdstyring og verksemdsutvikling.


## VISJON

Universitetet i Stavanger sin visjon er å fungere som ei drivkraft i kunnskapsutvikling og endringsprosessar i samfunnet. I alt vi gjer, skal vi utfordre det velkjende og utforske det ukjende.





**Figur 1:** Kart over verksemda



**Figur 2:** Hovudtal for UiS

Hovudtal	2016	2017	2018	2019
<i>Menneskelege ressursar</i>				
Talet på tilsette	1 666	1 695	1 815	1 858
Talet på årsverk	1 372	1 422	1 483	1 550
Omsetting (årsramme, mill. kr)	1 613	1 713	1 806	1 970
<i>Utdanning og forskning</i>				
Talet på studentar, haust	10 900	11 410	11 815	11 560
Uteksaminerte kandidatar ( <u>gradsgjevande</u> )	2 123	2 285	2 345	2 535
Doktorgradsavtalar (eigne program, vår)	332	381	360	395
Uteksaminerte doktorgradskandidatar	47	48	50	62
Bachelorprogram (haust) – studietilbod	31	31	34	35
Masterprogram (haust) – studietilbod	39	46	45	45



---

## III. Aktiviteter og resultat i 2019





## RESULTATRAPPORTERING PÅ VERKSEMDSMÅL

### Utviklingsavtalen

Utviklingsmåla og parametrane blir følgde opp i fageiningane, koordinert frå universitetet sine fellestenester. Det er utarbeidd tiltaksplanar knytte til utviklingsmåla.

*Utviklingsmål 1: Innovasjon, entreprenørskap og kunnskapsdeling for nyskaping og omstilling*

Måleparametrar:

- A. auke aktiviteten i studium og forskning på områda energi og hav, smarte byar og helseteknologi
- B. auke talet på kommersialiseringar totalt i regi av Validé
- C. auke ekstern finansiering, særleg Horizon2020
- D. auke deltakinga og medlemskap av forskarar i europeiske forskar-/industrinettverk
- E. utvikle ein metodikk som beskriv innovasjons- og samfunnseffektar av forskning ved UiS

Aktiviteten innan utviklingsmålet har vore høg i 2019, og måloppnåinga god. I 2019 vidareutvikla energi-institutta på universitetet utdanningane sine slik at studia innhaldsmessig omfattar andre energiformer enn petroleum. For å styrke ei breiare satsing på energi blei desse utdanningane styrkte med nye studieplassar og nye vitenskaplege tilsette i 2019. Studia i datafag blei styrkte med nye studieplassar i 2019, opptakskapasiteten i desse faga er nær dubla sidan 2015.

I 2019 har den gode dialogen Det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet har med industrien, ført med seg nærings-ph.d.-kandidatar innan batteriteknologi, energieffektivisering og offshore vind. I 2019 blei etableringa av Smart Energy Living Lab på Campus fullført med installeringa av vindturbin og solcellepanel. Laben er ein integrert del av prosjektet Future Energy Hub, som har tre år finansiering frå NFR. Universitetet hadde førre året stor aktivitet innan dei nye næringsklyngene, som er ein del av Noregs forskingsråd og Innovasjon Noreg sitt klyngeprogram; Norwegian Energy Solutions, Norwegian Offshore Wind og Stiiim Aqua Cluster. Energy Solutions skal vere

globalt leiande i å omstille olje- og gassindustrien til framtidsretta, berekraftige energiløysingar. Offshore Wind skal, med utgangspunkt i olje- og gassindustrien, samarbeide om aktivitetar knytte til leveransar til offshore vind-marknaden. Stiiim skal utvikle nye typar konstruksjonar til berekraftig matproduksjon i havet for den globale marknaden.

Satsinga innanfor smarte byar er godt i gang. Saman med dei største forskingsaktørane i regionen har universitetet etablert eit forskingsnettverk for smartby som skal drive tverrfagleg forskning på utvikling av berekraftige og levelege byar. UiS er vertskap for smartby-nettverket. Regionen, med UiS som sentral forskingsaktør, er også sentrum for ei nasjonal smartby næringsklynge og Nordens største smartby-konferanse, Nordic Edge. Ved Institutt for sikkerheit, økonomi og planlegging (ISØP) er fire ph.d.-studentar i gang med arbeid med solenergi, og fagmiljøet innan byplanlegging er blitt styrkt gjennom nyttilsettingar. Dette fagmiljøet driv masterstudiet i byplanlegging der mange kandidatar jobbar og skriv oppgåver om smartbytema. I 2019 blei dette studiet styrkt med nye studieplassar.

Aktiviteten i Forskingsnettverket for helse og teknologi, etablert i 2018, var høg også i 2019. Nettverket svarar på den aukande etterspurnaden etter tverrfagleg kompetanse innanfor helsesektoren. Saman med Stavanger Universitetssjukehus og forskingsinstituttet NORCE skal UiS bidra til å løyse framtidens helseutfordringar gjennom å utvikle ny teknologi. Nettverket sine temaområde er samhandling, sikkerheit og simulering.

I 2019 tok universitetet for fyrste gong opp studentar til ei bachelorutdanning i paramedisin som fekk stor merksemd og rekordstor tilstrøyming av søkarar.

Hausten 2019 blei HelseCampus Stavanger offisielt opna med eit nytt test-, innovasjons- og simulerings-senter. HCS skal vere navet i ei regional forskingsbasert helseklynge med målsetting om å bli den fremste arenaen i landet innanfor simuleringsbasert undervisning og læring og for innovasjonar innanfor helse- og

omsorgstenestene.

UiS og regionen har i 2019 fått tildelt tre-stjerners status innanfor European Innovation Partnership-Active and Healthy Ageing. Å vere ein slik europeisk referanseregion viser at Stavangerregionen er ein innovativ helseregion som er attraktiv å samarbeide med i til dømes Horisont 2020-prosjekt.

I 2019 tok Validé imot 105 forretningsidear frå UiS mot 80 i 2018. Talet på kommersialiseringar i 2019 har også gått markert opp frå i fjor, frå 0,9 til 1,3 per ti vitskapleg tilsette. Måltal for 2020 er 1,1. Tala er henta frå Validé. Data omfattar talet på forretningsidear som er mottatt av eininga for kommersialisering, registrerte patentsøknadar, inngåtte lisensieringskontraktar og nye føretak etablerte av kommersialiseringseininga (KE) eller teknologioverføringskontor (TTO), inkludert PCT-innleveringar.

Totale eksterne inntekter som del av totalinntektene auka til 18,6 prosent frå 16,2 i 2018. Inntekter frå EU og NFR per UFF-stilling auka med vel 30 prosent frå 2018 og var NOK 74 581 i 2019.

UiS hadde i 2019 ein suksessrate på 29 prosent til sine søknadar til Horisont 2020. Dette er blant dei høgste utteljingane av dei norske universiteta. Innanfor Horisont 2020 fekk UiS innvilga fem ITN-prosjekt (partner), og fekk også eit prosjekt innvilga (Enviro-Citizen) som koordinator innan Science with and for Society-programmet (SWAFS). UiS har utvikla egne støtteprogram innan Marie Skłodowska-Curie actions (MSCA) Individual Fellowship og MSCA ITN.

Dette gjev no resultat. Dei fem innvilga ITN-prosjekta finansierer åtte doktorgradsstipendiatar til UiS. Det har også vore god aktivitet innan ECIU-samarbeidet (European Consortium of Innovative Universities), og samarbeidet får eit ekstra løft etter at UiS og ECIU har fått tildelt midlar frå pilotutlysinga innan European Universities.

I løpet av 2019 har det blitt innvilga seks nye Horisont 2020-prosjekt til ein verdi av ca. 30 millionar kroner.

Tildelingar til løpande EU-prosjekt var på 13,66 millionar kroner i 2019, ein auke frå sju millionar kroner i 2018.

UiS er no med i tre 'Joint programmes' innan European Energy Research Alliance. Vi har også tatt initiativ til å undersøke medlemskap innan JPI Urban Europe. Dette er i samsvar med universitetet si eiga målsetting. Aktiviteten på dette verksemdsområdet er høg, og det blir arbeidd med å knyte UiS til fleire nettverk i 2020.

UiS har over fleire år arbeidd innanfor ECiU-partnerskapet med å utvikle ein felles metodikk for korleis ein skal registrere påverking, såkalla "impact" av forskinga. Det har vist seg å vere utfordrande, men har ført oss fram til ein kombinasjon av kvantitativ og kvalitativ beskriving. UiS var ein del av og gjennomførte kommisjonen sin studiepiplot "JRC impact case" i 2018 og 2019 som snart blir publisert på vår heimeside. Piloten har lagt eit grunnlag for å gå gjennom ulike forskingsområde i 2020 som vil kunne danne grunnlag for nye "impact case"-studiar.

### *Utviklingsmål 2: Entreprenørskapsaktivitetar blant studentar*

Måleparametrar:

- A. Auke talet på bedriftsetableringar frå studentar
- B. Auke talet på inGenious-prosjekt til åtte per år
- C. Auke studentane sitt samarbeid med næringsliv og offentleg sektor, målt ved samarbeidsavtalar registrerte i FS

Aktiviteten innan utviklingsmålet har vore høg i 2019 og måloppnåinga bra.

Universitetet har sett ein auke i bedriftsetableringar blant studentar i 2019, mellom anna gjennom tilrettelegging via studentinkubatoren LevelUp i samarbeid med Validé og den studentdrivne organisasjonen Start UiS. Det har i stor grad vore sett i gang og etablert gründerprosjekt med deltaking i nasjonale og internasjonale gründerkonkurransar, og deltaking i andre

arrangement med tema innovasjon og entreprenørskap. Totalt har LevelUp hatt kontakt med 30–40 studen-  
tar for rettleiing av idégenerering, gründerprosjekt  
og oppstartsverksemd. Av desse har sju oppretta  
enkelpersonsføretak, éin av desse har fått marknads-  
avklaringsstilskot frå Innovasjon Noreg og i tillegg søkt  
STUD-ENT-midlar frå Noregs forskingsråd.

Avtale med universiteta i Twente og Linkøping om  
InGenious blei offisielt oppretta i 2019. Hausten 2019  
blei det fyrste semesteret med InGenious gjennomført  
som ein del av bacheloremnet Entrepreneurship and  
Business Plan ved Handelshøgskolen UiS. Totalt blei  
seks case gjennomførte saman med eksterne verk-  
semder, og 21 studen-  
tar tok del i arbeidet. Bedriftene  
blei rekrutterte via den digitale samhandlingsportalen  
samarbeid.uis.no og via andre nettverk. Inkorporering  
av InGenious i samhandlingsportalen forenkla kommu-  
nikasjonen mellom UiS og eksterne verksemder. Målet  
er at den tekniske plattformen for innhenting av Case til  
InGenious skal vere fullt utbygd i 2020 i samarbeid med  
partnaruniversiteta i ECIU-konsortiet.

Resultata på parameter C blei registrert fyrste gong i

2018 då målet blei tatt inn i FS. Utgangsverdien for  
2018 er 79 som auka til 97 i 2019. Dei fleste avtalane  
som er registrerte, er på doktorgradsnivå. Ser vi på  
resultatutviklinga i samhandlingsportalen, blei 871 opp-  
gåver registrerte inn i portalen i 2019. 506 av desse blei  
tildelte studen-  
tar. 250 av oppgåvene var i samarbeid  
med eksterne verksemder, ei dobling frå året før.

### *Utviklingsmål 3: Digital kompetanse og internasjonala- lisering i lærarutdanninga*

Måleparametrar:

- A. ein digital, didaktisk verkstad for studen-  
tar og lærar-  
utdannarar
- B. lærarutdanningsstuden-  
tar si rapportering om bruk  
av digitale læremiddel
- C. bruk av digitale undervisningsformer blant lærarar  
på lærarutdanninga
- D. talet på ferdige kandidatar i lærarutdanningane som  
har gjennomført eit utanlandsopphald i løpet av graden,  
skal auke med fire prosentpoeng i snitt per år i perioden
- E. talet på innreisande utvekslingsstuden-  
tar til IBU,  
IGIS og IKS skal auke i snitt fire prosentpoeng per år
- F. talet på vitskapleg tilsette i lærarutdanningane som





har internasjonalt forskingsopphald, skal auke

Måloppnåing for parameter A er framleis god. Den didaktisk digitale verkstaden er i god utvikling. Ei oversikt over aktiviteten på DDV i 2019 syner at dei fleste faggruppene knytte til lærarutdanninga nyttar tilbodet, og bruken er gradvis integrert på tvers av fagmiljøa. Verkstaden trekker òg til seg mykje merksemd frå politikarar, skular og andre interesserte. Det har vore særleg merksemd omkring behovet for spelpedagogar i skulen og opningane som finst i DDV for å bidra til å dekke det.

Når det gjeld parametrane B og C er det ei utfordring at digitaliseringsindeksen i Studiebarometeret blir endra frå år til år, men der er framleis resultat i barometeret som gjev ein god indikasjon på utviklinga. Desse resultatane viser ei gledeleg utvikling knytt til digitale hjelpemiddel på fleire område. Studentane si meining om lærarane sin digitale kompetanse viser at 75 prosent av respondentane skårar 3 eller høgare, ein auke på 0,8 poeng frå 2018. Likeins svarar 76 prosent av respondentane 4 eller 5 på opplæringa dei får i bruk av digitale verktøy, ein særleg gledeleg auke på 1 poeng frå 2018.

Vi ser ein auke i aktiviteten blant studentar og lærarar. Vi meiner auken skjer av to hovudgrunnar – utviklinga i DDV og systematisk arbeid med læringsutbyttebeskrivingar i emne og program knytt til profesjonsfagleg digital kompetanse. Vidare ser vi auka bruk av digitaliseringsproblemstillingar i bachelor- og masteroppgåver. Fakultetet har òg i 2019 arbeidd mykje med utarbeiding av opplegg for spelpedagogar, og vi har ei satsing på eSport som på sikt kan resultere i ei eiga fordjuping i MGLU-programma våre.

For parameter D går utviklinga i feil retning, med ein nedgang på tre prosentpoeng frå 2018 (5,7 prosent) til 2019 (2,7 prosent). Sidan parameteren inneber ferdige kandidatar, ser vi enno ikkje effekten av tiltak som er gjennomførte dei siste åra. Det er gjort mange tiltak, mellom anna innføring av ei opt-out-ordning knytt til enkelte program. Vi ser ein auke i utreisande praksisstudentar og i mobilitet av kortare lengd enn

dei tre månadane som gjev utteljing i finansieringssystemet. For parameter E var talet for 2019 85 studentar, ein nedgang frå 2018 og same resultat som 2017.

Talet på vitenskapleg tilsette med internasjonalt forskingsopphald har auka jamt dei siste åra, også i 2019. Fleire tilsette har hatt lengre forskingsopphald i 2018/19, frå 3 månadar og opp til eitt år. Ein del har fått ekstern finansiering gjennom t.d. Forskningsrådet, medan andre, om lag 15 tilsette, har fått støtte gjennom insentivordningar ved UiS.

Talet på utanlandsopphald blant ph.d.-kandidatar ligg jamt på om lag 7 i året. Desse får støtte frå støtteordninga for utanlandsopphald ved UiS.

*Utviklingsmål 4: Auka attraktivitet gjennom studentmobilitet*

Måleparametrar:

- A. alle gradsstudia skal ha tydelege ordningar og tilstrekkelege avtalar for studentutveksling, som er fagleg relevante og forankra i fagmiljøet
- B. delen internasjonale studentar på campus skal auke med eitt prosentpoeng per år i snitt
- C. delen ferdige bachelor- og masterkandidatar som har gjennomført eit utanlandsopphald i løpet av graden, skal auke med fire prosentpoeng i snitt per år i perioden
- D. delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ skal doblast

UiS har ikkje nådd planlagde mål for 2019 i tråd med utviklingsavtalen. Vi reknar at 70 prosent av gradsstudia no har tilstrekkelege ordningar og avtalar for utvekslingsverksemda. Delen internasjonale studentar på Campus har stabilisert seg, mellom anna fordi det er etablert færre engelskspråklege masterstudium dei siste åra. Spesielt er vi ikkje tilfredse med delen studentar som har fullført ein grad med utveksling; der har vi berre hatt ein liten auke sidan 2016.

Universitetet rettar stor merksemd mot tiltaksplanane for å nå måla, og vi har tru på at dette vil betre resultatane over noko tid.

## Styringsparametrar

Tabellen viser eigne måleparametrar som inngår i UiS sin strategi 2016–2020:

**Figur 3:** Måleparametrar

Måleparameter	2016	2017	2018	2019	MÅL 2020
Talet på studentar totalt (snitt vår/haust)	10 465	10 742	11 235	11 060	11 500
Studiepoeng per student	43,7	44,5	44,5	43,9	45,0
Delen ferdige kandidater som har gjennomført eit utanlandsopphald i løpet av graden	7,5 %	8,2 %	6,9 %	8,6 %	20,0 %
Primærsøklarar per studie plass i Samordna opptak	2,6	2,5	2,6	2,6	2,6
Delen uteksaminerte kandidatar på normert tid, BA	45,1 %	43,3 %	41,2 %	46,4 %	50,0 %
Delen uteksaminerte kandidatar på normert tid, MA	47,7 %	47,8 %	51,0 %	47,5 %	50,0 %
Inntekter frå EU og Forskringsrådet per UFF-årsverk	96 400	81 000	75 200	97 323	140 000
Totalt eksterne inntekter som del av statlege inntekter	20,1 %	17,3 %	16,2 %	18,6 %	25,0 %
Talet på publiseringspoeng per UFF-årsverk	0,94	1,15	1,24	1,40	1,2
Delen publisasjonar på nivå 2 (%)	20,5 %	18,5 %	24,2 %	22,0 %	23,5 %
Delen vitenskapleg publisering med minst ein internasjonal medforfattar (%)	39,0 %	37,0 %	43,4 %	54,8 %	42 %
Talet på kommersialiseringar (forretningsidear, patentsøknadar, lisenskontraktar og nye foretak) per 10 vitskapelege årsverk	0,74	0,68	0,68	1,32	1,10
Delen fyrstekompetanse (av vitskapelege årsverk)	68,8 %	69,8 %	73,5 %	75,0 %	75,0 %
Delen kvinner i professorstillingar	26,1 %	25,7 %	28,6 %	32,4 %	29,0 %
Digital synlegheit (indeksmål)	100	115	124	153	200
Talet på formidlingsbidrag i CRISStin*	2 984	3 189	3 406	3 320	3 300
(Kjelde: UiS Innsikt per 20.02.20)					
*Førebelse tal, UFF=undervisning, forskning og formidling					



## VERKSEMDSOMRÅDE 1: UTDANNING

### Resultat og vurdering av måloppnåing

Implementeringa av det reviderte kvalitetssystemet starta gradvis i 2019. Samtidig med implementeringa starta NOKUT sitt periodiske tilsyn med universitetet sitt systematiske kvalitetsarbeid. Dokumentasjonsinnhenting og institusjonsvitjing blei gjennomført i oktober/november 2019. Universitetet opplevde det som krevjande å ha NOKUT-tilsyn før implementeringa var fullført.

Etter tre pilotprosjekt i 2018 starta ein i 2019 med å revidere akkrediteringa av studieprogramma som ein ordinær del av verksemda. Reakkrediteringa av programma var tufta på evalueringar med deltaking frå éin til to eksterne fagfellar og ein representant frå arbeidslivet. Desse studieprogramma blei evaluerte i 2019:

- bachelorstudiet i engelsk
- bachelorstudiet i ingeniørfag, automatisering og elektroteknikk
- bachelorstudiet i musikk, 240 sp
- masterstudiet i helsesjukepleie
- masterstudiet i marin- og offshoreteknologi
- masterstudiet i risikostyring
- masterstudiet i rekneskap og revisjon

For alle desse programma var hovudfunnet i evalueringa at akkrediteringa kan vidareførast. Komitéane som evaluerte studia, gav òg gode tilrådingar til vidare utvikling av programma.

For å styrke utdanningsleiinga i samsvar med nasjonale føringar er det utarbeidd retningslinjer og instruks for studieprogramleiing. Det fyrste opplæringsprogrammet for studieprogramleiarane blei fullført våren 2019.

I 2019 har utviklinga av teknologisk infrastruktur framleis vore høgt prioritert for å legge til rette for betre studiekvalitet gjennom digitalisering av studieprosessane. Av prosjekta som universitetet fekk medfinansiering til i Difi i 2017, er utviklinga av ein digital studentekspedisjon, bestillingsportal og eksternt

samhandlingsportal vellukka prosjekt som er langt komne i igangsettinga. Utviklinga av ein betre reiskap for studie- og verksemdsanalyse, «UiS INNSIKT», som universitetet fekk medfinansiering til frå Difi i 2018, har vore prioritert i 2019. Prosjektet skal utvikle universitetet sine datavarehusenester for studiedata og betre datatenestene retta mot universitetet sine styringsorgan og leiing. Slik ønsker ein å betre dataflyten og tenesteytinga i verksemdsstyring, utviklingsarbeid og rapportering utan å måtte auke den administrative ressursbruken. Det relativt låge økonomiske bidraget frå Difi i medfinansieringsordninga, og departementet si ordning for økonomisk gevinstrealisering, gjer likevel desse prosjekta svært kostbare for universitetet.

Arbeid med studieporteføljen i 2019 følgde årshjulet som styret har fastsett. Alle avgjerder om etablering av nye studium, opptakstal og eventuell endring av kapasitet i er forankra i vurderingar av porteføljen i fakulteta, utdanningsutvalet og styret. Nye akkrediterte og etablerte gradsprogram vedtatt i 2019 som startar opp i 2020:

- bachelorstudium i psykologi, nytt program
- master's Programme in Service Leadership in International Business, omfattande endring av eksisterande program
- ph.d.-studium i samfunnsvitskap, omfattande
- endring av eksisterande program
- bachelorstudium i religion, kultur og samfunn, nytt program
- bachelorstudium i ingeniørfag, energi- og petroleumteknologi, omfattande endring av eksisterande program
- bachelorstudium i ingeniørfag, geo- og energiressursar, omfattande endring av eksisterande program
- masterstudium i realfag, matematikk og fysikk, femårig, integrert program, omfattande endring av eksisterande program

Universitetet sitt studium i utdanningsvitskap blei lagt ned i 2019. Spesialiseringane i spesialpedagogikk og idrettsvitskap blir førte vidare som sjølvstendige

studieprogram frå 2020, medan spesialiseringane i norskdidaktikk, matematikdidaktikk og pedagogikk blir førte vidare som fag i grunnskulelærarutdanninga.

Ytterlegare to program blei lagde ned i 2019; masterstudiet i teknologi, miljøovervaking og naturforvaltning i dei nordlege olje- og gassproduserande regionane og masterstudiet i «International Hospitality Management».

12. november blei Kunnskapssenter for utdanning offisielt opna ved Universitetet i Stavanger. Gjennom kunnskapsinnhenting, forskaropplæring og formidling skal senteret bidra til å auke kvaliteten i heile utdanningssektoren, frå barnehage til høgare utdanning.

Heile 2019 har universitetet arbeidd med å utvikle og legge til rette for ei medisinstudium ved UiS, i fyrste omgang som eit treårig studium for norske studentar som har fullført dei tre fyrste åra ved eit universitet i utlandet. Arbeidet med å ferdigstille studiekonseptet held fram med tanke på å få retten til å tildele graden cand. med. og få studieplassar til eit medisinstudium ved UiS frå neste år.

Universitetet fekk fem nye studieplassar innan IKT i revidert nasjonalbudsjett 2019 som blei lagde til opptaket til bachelorstudiet i datateknologi. Sidan 2015 har universitetet nær dobla kapasiteten innan datafaga. Auka opptak i sjukepleiarstudiet frå 2018 blei ført vidare i 2019.

Resultata av studentopptaket i 2019 er samansett. Søkartala er om lag like, men dei totale opptakstala noko svakare enn i 2018. Studentopptaket er såleis i ein noko fallande trend. Tala frå Samordna opptak (SO) viser at UiS hadde 5 929 primærsøkarar til 2 313 studieplassar i det nasjonale opptaket. I dei lokale opptaka ved UiS var det 5 750 søkarar til toårige masterstudium, påbyggingsstudium og vidareutdanningar, som er noko færre enn i 2018. Til det internasjonale opptaket i 2019 var det 3 196 søkarar til 330 plassar.

Totalt var det 2 703 studentar som registrerte seg til 2 313 opptaksplassar på grunnstudia via Samordna opptak. Det gjev ein oppfyltingsgrad til grunnutdanningane via SO på 117 prosent, som er litt betre enn i 2018. I dei lokale opptaka er det registrert 1 389 studentar til 1 634 plassar, noko som gjev ein





oppfylingsgrad på 85 prosent. Dette er langt dårlegare enn tidlegare år og langt frå måлтаlet på 115 prosent. Totalt sett er oppfylingsgraden for heile opptaket 104 prosent som òg er svakare enn måлтаlet. Det er sett i gang eit arbeid med å vurdere tiltak for å betre oppfylingsgraden særleg på masternivå og tiltak for å demme betre opp for fråfall.

For å legge til rette for meir utveksling er det også i 2019 arbeidd for at alle studieprogram skal ha tydelege ordningar og tilstrekkeleg mange utvekslingsavtalar som er fagleg relevante og forankra i fagmiljøet. Dette inneber at utvekslingsavtalar er initierte av fagmiljøet eller gjennomgatte og tilrådde av studieprogramleiar. I 2019 blei all informasjon om utvekslingsordningar og utvekslingsavtalar samordna og effektivisert ved at informasjonen blei kopla til den årlege emne- og programrevisjonen. Hovudformålet har vore å legge til rette for auka studiekvalitet ved å sikre tydelegare, meir lesarvenleg og betre informasjon til studentar og tilsette på nett. Søknadsprosessane for utvekslingsopp- hold er ytterlegare digitalisert og forenkla.

UiS blei kåra av Diku til årets Erasmusinstitusjon 2019. Dette er ei anerkjenning til høgare utdanningsinstitusjonar i Noreg som kan vise til ekstra gode resultat innanfor Erasmus+programmet over tid og i året som har gått. Saman med ECIU fekk UiS innvilga det prestisjefylte prosjektet Europeiske universitet. Vi fekk også innvilga ein kunnskapsallianse. Begge er høgt konkurranseutsette program med låg tildelingsrate. Vi fekk òg innvilga eit kapasitetsbyggingsprosjekt, og vi bidreg godt i strategisk fellesskap og Erasmus Mundus. Sjølv om vi ikkje har hatt stor vekst i studentmobilitet i forhold til i fjor, så har vi dobla talet på utreisande studentar på europeisk mobilitet over ein periode på tre år og har god deltaking i Erasmus global mobilitet.

Forutan god deltaking i Erasmus+, koordinerte vi i 2019 fire aktive UTFORSK-prosjekt, tre INTPART-prosjekt, tre NORPART, eitt Eurasia, eitt High North Programme, eit Nordic Master Program og eitt NOTED-prosjekt.

Også i 2019 makta universitetet å halde oppe ein relativt høg svarinngang i Studiebarometeret, noko som gjev legitimitet både til resultatata og oppfølginga. I året som gjekk heldt universitetet fram arbeidet med satsingsområda fastsette av styret. Trass i tiltaka som er sette i verk, er resultatata i barometeret i all hovudsak uendra frå 2018. Kor tilfredse studentane er med studia sine, slik dette blir målt i Studiebarometeret, synest å vere rimeleg stabilt over tid. Likevel er resultatata for UiS for dårlege, slik at nye tiltak og satsingsområde skal vurderast.

### **Nasjonale styringsparametrar**

Gjennomføringa på normert tid på bachelor- utdanningane viser ei tydeleg betring i høve til i fjor. Gjennomføringa på masterutdanningane har vore relativt stabil over fleire år, men vi ser ein liten nedgang frå i fjor. Universitetet si målsetting for 2020 er 50 prosent for begge gradsnivåa, men vi ligg eit stykke unna målet.

Basert på tal frå Studiebarometeret bruker UiS-studenten i snitt 34,3 timar i veka på studiearbeid, organisert og sjølvstudium. Dette er om lag som det nasjonale snittet på 34,2. I tillegg bruker UiS-studenten om lag 10,4 timar på lønsarbeid, litt over det nasjonale snittet på 9,1. Det er relativt stor ulikskap mellom fakulteta rundt UiS-snittet. Medan studentane ved Det helsevitenskaplege fakultet og Det teknisk-naturvitenskaplege fakultet svarar at dei bruker høvesvis 43,8 og 39,0 timar i veka på studia, svarar studentane ved Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora og Det samfunnsvitenskaplege fakultet at dei bruker høvesvis 29,1 og 30,6 timar.

Talet på utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av det totale studenttalet er nokolunde stabilt frå 2018 til 2019, men med ein liten nedgang frå 1,02 prosent til 1,01 prosent.

Kandidattalet for sjukepleiarutdanninga er 211, som ligg godt over måлтаlet på 167. Det same gjeld GLU 5–10, der kandidattalet er 66, som er klårt over måлтаlet på 37. På GLU 1–7 blei det uteksaminert

51 kandidatar som er tydeleg betre enn i 2018, men framleis noko under måлтаlet på 56. På barnehagelær- arutdanninga blei det uteksaminert 195 kandidatar som er klårt fleire enn måлтаlet på 115. Ved lektorutdanninga blei det uteksaminert 28 kandidatar, som er ei klår betring frå 2018 og på måлтаlet. For PPU er kandidat- talet i 2019 155, som er ein nedgang frå 2018 og under måлтаlet på 174. Med krise i arbeidsmarknaden frå 2012 og nye opptakskrav frå 2019, var det ein auke i etterspurnaden etter PPU fram til i fjor. Med endra krav og endra arbeidsmarknad, fall etterspurnaden i 2019 til ein tredel i forhold til 2018. Vi trur etterspurnaden vil stabilisere seg på eit høgare nivå i løpet av eit par år.

Kandidattala på universitetet si ABIOK-utdanning var 31 i 2019. Universitetet tar opp studentar til master- utdanninga i spesialsjukepleie (anestesi, intensiv og operasjon) kvart år, medan vidareutdanninga i kreft- sjukepleie har opptak annakvart år. Kandidattala på universitetet si ABIOK-utdanning vil derfor kunne ligge noko under måлтаlet på 34 annakvart år, men vesentleg over måлтаlet i andre år. Resultata dei siste fire åra er: 2016: 50, 2017: 34, 2018: 54, 2019: 31, som gjev 42 kandidatar i snitt for desse fire åra. I andre master- studium og vidareutdanningar i helsefag var det 77 kandidatar i 2019. Universitetet er i hovudsak nøgd med resultata for kandidatar i helse- og lærar- utdanningane, men vil ha særleg merksemd på GLU 1–7 og PPU i det vidare.

## **UNIPED**

Oppgåva til Uniped-eininga er å vidareutvikle undervis- ningskvaliteten ved universitetet og medverke til at dei tilsette får tilbod om gode faglege støttestrukturar for å kunne fremme arbeidet med kvalitet i undervisninga. Uniped skal med dette bidra til at vitskapleg tilsette utviklar og vidareutviklar grunnlaget sitt for profesjo- nell undervisning.

Uniped tilbyr to ulike kurs; NyTi og basiskurs. NyTi rettar seg mot undervisningsrelatert rettleiing for og med nytilsette, medan basiskurset rettar seg mot vitskapeleg personale som ikkje kan dokumentere ein pedagogisk basiskompetanse. Uniped var også sterkt

involvert i opplæringsprogrammet for studieprogram- leiarar i 2019 og i arbeidet med å utvikle ei ordning for heilskapleg karrieropolitikk og merittering av under- visning. Uniped har hovudansvaret for å drive meritte- ringsordninga der vitskapleg tilsette ved UiS kan søke status som merittert undervisar to gonger i året.

Styrkinga av UNIPED heldt fram i 2019 då det blei tilsett ein ny medarbeidar i vitskapleg stilling. Nok ei stilling er utlyst og under tilsetjing.

## **Etter- og vidareutdanningsverksemda**

Etterspurnaden etter EVU-kurs administrert av UiS EVU viser tydeleg auke etter lågpunktet i 2017. Trass i at kursporteføljen til UiS EVU blei redusert frå 2018 til 2019, auka talet studentar frå 1 206 til 1 816, og det er ventelister på fleire kurs. Evalueringane av dette kurstilbodet viste i snitt også høg studenttilfredsheit og høg gjennomføringsgrad. Dei største drivarane i tilbodet er framleis Executive MBA-programmet frå Handels- høgskolen ved UiS og Master i risikostyring og sikker- heitsleiing frå Det teknisk-naturvitskaplege fakultet.

Så langt mogleg responderer EVU- verksemda på etterspurnad frå omverda. Kurset Tenesteinnovasjon og servicedesign ved Norsk hotellhøgskole er eit døme på eit tilbod etter konkret etterspurnad i samfunnet. Koding for lærarar er eit anna døme på relevante, etterspurde kurs. UiS EVU legg òg til rette for spesielle EVU-tilbod. Eit døme er samarbeidet med fagmiljøet SHARE (Senter for kvalitet og sikkerheit i helsetenesta) om kurs for den nyoppretta UKOM, Statens under- søkingskommisjon for helse- og omsorgstenesta.

UiS er sterkt engasjert i etterutdanning i barnehage og skule gjennom den desentraliserte ordninga, DEKOM og REKOM. Lærarutdanningane og dei to nasjonale sentera (Lesesenteret og Læringsmiljøsenderet) ved Fakultet for utdanningsvitskap og humaniora arbeider tett med barnehage og skule om arbeidsplassbasert kompetanseutvikling som òg påverkar sjølve utdanni- gane. Vi er òg opptatt av at kompetansen til dei to nasjonale sentera, som er svært viktige i nasjonal samanheng, kjem heile landet til gode.



Ei arbeidsgruppe arbeidde i 2019 med å greie ut korleis organiseringa av EVU-verksemnda skal bli i framtida. Arbeidet vil halde fram i samband med strategi-prosessen i 2020 før styret får saka til behandling.

### **Digitalisering av utdanninga**

Hausten 2019 blei HelseCampus Stavanger offisielt opna med eit nytt test-, innovasjons- og simulerings-senter. HCS skal vere navet i ei regional forskingsbasert helseklynge med målsetting om å bli landets fremste arena innanfor simuleringsbasert undervisning og læring og for innovasjonar innanfor helse- og omsorgstenestene.

Universitetet sin didaktiske digitale verkstad ved Fakultetet for utdanningsvitenskap og humaniora og dataverkstaden ved universitetsbiblioteket var i god utvikling i 2019.

NettOp-UiS er universitetet si eining for tenester og støtte til utvikling av digitale løysingar for læring og vurdering i utdanningane. Løysingane spenner frå dei enklaste for streaming av førelingar til komplekse, adaptive spel og simuleringar. I 2019 opna eit eige podkaststudio. Podkasting har den lågaste terskelen for digitalisering av innhald for læring og formidling og er i aukande grad eit format som forskarar, lærarar og studentar tar i bruk. Katalogen av podkastar frå UiS auka raskt i 2019 ([podcast.uis.no](http://podcast.uis.no)). I 2019 har NettOp òg produsert eit stort tal videoar for prosedyretrening i helsefagutdanningane.

Også i 2019 sto NettOp i spissen for KnowHow EdTech, ein internasjonal konferanse for dei som ønsker å bli oppdaterte og inspirerte når det gjeld bruken av læringsteknologi i undervisning og utdanning.

I 2019 tok universitetet for fyrste gong opp studentar til ei bachelorutdanning i paramedisin som fekk stor merksemd og rekordstor tilstrøyming av søkarar. Dette blei det mest søkte studie i Noreg uavhengig av studieretning med 40 primærsøkarar per studieplass.



## VERKSEMDSOMRÅDE 2: FORSKING OG KUNSTNARISK UTVIKLINGSARBEID

### Resultat og vurdering av måloppnåing

UiS sine mål på dette verksemdsområdet handlar om at kritisk og uavhengig forskning skal gjere UiS til ein ettertrakta forskingspartner med resultat som kjem samfunnet til gode.

I juni 2018 fekk universitetsstyret presentert ein rapport om forskinga ved UiS. Hausten 2018 blei denne rapporten følgt opp med ei styresak som gav eit meir djuptgåande bilete av fleire utfordringar knytte til forskinga ved UiS. Det blei vedtatt å sette i gang med åtte konkrete tiltak, fleire av desse med fokus på å auke internasjonalt samarbeid og å auke ekstern finansiering både frå NFR og EU. Det er spesielt gledeleg at dette fokuset over tid har ført til ei svært positiv utvikling på fleire av dei strategiske måleparametrane.

Det er ein klar auke på delen internasjonal sampublisering, som for 2019 viser 54,8 prosent mot 43,4 prosent i 2018. Måltalet for den nasjonale styringsparameteren, publiseringspoeng per UFF-årsverk, er 1,2 for 2020. Førebels resultat for 2019 er 1,4 publiseringspoeng per UFF-årsverk, og vi ser her ein auke på 14 prosent

samanlikna med 2018 (1,23). 2019 viser stabile tal på den strategiske måleparameteren delen publikasjonar på nivå to, som førebels er 22 prosent.

Når det gjeld ekstern finansiering, syner dei to nasjonale styringsparametrane bidragsinntekter NFR per UFF-årsverk og andre bidrags- og oppdragsinntekter per UFF-årsverk, betre resultat enn dei siste åra. UiS har i tillegg definert ein eigen strategiparameter for NFR- og EU-inntekter samla per UFF-årsverk med måltal 140 000 kr/årsverk i 2020. Resultat for 2019 blei 97 323 kr/årsverk, som viser ein vesentleg auke på vel 30 prosent frå 2018, då det var 74 581 kr/årsverk.

Fleire fagmiljø ved UiS lukkast med å få tilslag på søknadane sine om ekstern finansiering i 2019. Særleg kan det trekkast fram at UiS har tilslag på om lag 13 prosent (10 prosjekt) innan kategorien Forskarprosjekt, som er det mest konkurranseutsette programmet frå Forskingsrådet. Forskarprosjekt-kategorien inkluderer FRIPRO, som er Forskingsrådet si målretta satsing på banebrytande forskning og fleire tematiske program. UiS fekk tilslag på prosjekt innan FRIPRO, HELSEVEL, PETROMAKS 2, SAMRISK og ROMFORSKING.

**The Greenhouse** er etablert som ein internasjonal leiande aktør innanfor miljøhumaniora. Gjennom satsing på internasjonale gjesteforskarar, forelesningsseriar og opne lunsjar har vi bygd eit sterkt, opne og inkluderande forskingsmiljø. To større prosjekt blei innvilga Greenhouse-medlemmer: 2,6 millionar euro frå EnviroCitizen (Horizon 2020) og 12 millionar kroner frå Back to Blood (NFR Fripro).



Doktorgradsstudentar på sommarskolen innan miljøhumaniora.



I 2019 fekk UiS som prosjektansvarleg institusjon totalt 162,8 millionar kroner (om lag 106 millionar kroner på Forskarprosjekt) i tildeling frå Forskingsrådet. Dette er ein auke frå 65,7 millionar kroner i 2018. UiS var prosjektleiar i 113 søknadar til Forskingsrådet i 2019, opp 55 prosent frå 2018, då UiS var prosjektleiar for 73 søknadar som blei sende inn.

UiS hadde også god utteljing i Horisont 2020 og Erasmus+ i 2019. Innan Horisont 2020 fekk UiS innvilga fem ITN-prosjekt (partner) og ein fekk også eitt prosjekt innvilga (EnviroCitizen) som koordinator innan Science with and for Society-programmet (SWAFS). UiS har jobba målretta med Marie Skłodowska-Curie actions (MSCA) i fleire år og har til dømes utvikla egne støtteprogram innan MSCA Individual Fellowship og MSCA ITN. Dette gjev no resultat. Dei fem innvilga ITN- prosjekta finansierer åtte doktorstipendiatar til UiS. Det har også vore god aktivitet innan ECIU-samarbeidet (European Consortium of Innovative Universities), og det er levert ein COFUND-søknad, som er ei av ordningane under Marie Skłodowska-Curie actions (MSCA). Det er også gledeleg at UiS og ECIU har fått tildelt midlar frå pilot-utlysinga innan European

Universities. Det har i løpet av 2019 blitt innvilga seks nye Horisont 2020-prosjekt til ein verdi av om lag 30 millionar kroner. EU-tildelingar var på 13,66 millionar kroner i 2019 (opp frå sju millionar kroner i 2018). Tildelingar per UFF var kr 14 321. UiS og regionen i 2019 har fått tildelt tre-stjerners status innanfor European Innovation Partnership- Active and Healthy Ageing. Å vere ein slik europeisk referanseregion gjev synlegheit og profilering. Det viser også at Stavanger-regionen er ein innovativ helseregion som er attraktiv å samarbeide med i til dømes Horisont 2020-prosjekt.

I 2019 opplevde UiS ein betrakteleg auke i mengda avlagde doktorgradar til totalt 62. Dette er ein auke på 24 prosent samanlikna med 2018 då det blei avlagd 50 doktorgradar. UiS held dermed fram med trenden om stadig fleire disputasar. 48 prosent av dei uteksaminerte kandidatane i 2019 var kvinner. Trass i denne trenden har gjennomstrøyminga gått ned frå 63,5 prosent i 2018 til 58,3 prosent i 2019. Noko av forklaringa på dette kan vere at det finst ei aukande mengde kandidatar innanfor helse og medisin som er tilsette i 50 prosent-ph.d.-stillingar og som følgeleg bruker minst seks år på å fullføre utdanninga.

12. november 2019 blei **Kunnskapssenter for utdanning** offisielt opna ved Universitetet i Stavanger. Gjennom kunnskapsinnhenting, forskaropplæring og formidling skal senteret bidra til å auke kvaliteten i heile utdanningssektoren, frå barnehage til høgare utdanning.



Senterleiar Elaine Munthe og rektor Klaus Mohn på opninga av Kunnskapssenter for utdanning ved UiS.

## VERKSEMDSOMRÅDE 3: INNOVASJON OG

### SAMFUNNSENKASJEMENT

#### Resultat og vurdering av måloppnåing

Rolla som samfunnsbygger er ein viktig del av UiS sin identitet, og universitetet har eit rikt samspel med omverda. UiS er ei drivkraft i den regionale utviklinga, eit innovativt universitet tett på utfordringane i samfunnet.

Gjennom HelseCampus Stavanger koordinerer UiS og samarbeidspartnarar behova for utvikling og kompetanse for å få mest mogleg kraft i samarbeidet om ei verdibasert og heilskapleg helseteneste. I september opna nytt test-, innovasjons- og simuleringssenter i Innovasjonspark Stavanger, der helsepersonell, industri og forskning kan jobbe tverrfagleg for å løyse helseutfordringar i samfunnet. Fokusområde er simulering, sikkerheit og samhandling. UiS, Stavanger universitetssjukehus, Stavanger kommune, forskingsinstituttet NORCE og Laerdal Medical er samarbeidspartnarane og læresenteret SAFER, helseklynga Norwegian Smart Care Cluster og Validé deltar òg i dette utviklingsprosjektet.

I 2019 sende UiS 105 forretningsidear til Validé, noko som er ny rekord. Vi søkte om fem patent og gjennomførte 11 kommersialiseringar med idear frå UiS. Forskarar frå UiS bidrog òg til innovasjon i etablerte verksemder i både privat og offentleg sektor, mellom anna gjennom samarbeid i prosjekt og senter og gjennom strategiske partnerskap med Lyse og Equinor.

UiS fornyar den eksterne heimesida for betre å kunne vareta dei som ønsker informasjon eller å kome i kontakt. Arbeidet starta i 2019, og teknisk utvikling, design og innhald kjem på plass til lansering hausten 2020. Nettstaden uis.no hadde 2 644 680 besøk i 2019, det er ein auke på fem prosent frå 2018.

Tal på følgjarar i sosiale medium er gått opp frå 78 000 til 87 000. LinkedIn er kanalen i sosiale medium der vi har flest abonnentar, 41 000 i 2019. 23 nyheitsbrev blei sende ut. Bruk av nynorsk på Facebook og Twitter har

stige frå 21 til 41 prosent.

Indeksen vår for måling av ekstern synlegheit i digitale kanalar viser 23 prosent auka eksponering frå 2018. Synlegheit er blant anna styrkt gjennom gjesting på våre eigne nettsider, rekkevidde og tal på følgjarar i sosiale medium og ikkje minst ein stor auke i sidevisingar på sider der UiS-tilsette har fagansvar hos Store norske leksikon på nett (SNL). Auken som gjeld SNL er på heile 113 prosent, med 2 295 artklar som er lesne 1 173 950 gonger det siste året. Talet på artklar er gått opp med 47 prosent frå året før. Talet på artklar og program i norsk media var 4 192. På forskning.no publiserte UiS 62 saker i 2019.

UiS sitt nettverk for alumni har om lag 11 500 medlemmer som blant anna får profilering gjennom nettverket, redaksjonelt innhald og rabatt på aktuelle arrangement og seminar.

Den digitale samhandlingsportalen samarbeid.uis.no styrker koplingar mellom arbeids- og samfunnsliv og studentane. I 2019 blei 871 oppgåver registrerte inn i portalen. 506 av desse blir tildelt studentar. 250 av oppgåvene var i samarbeid med eksterne verksemder, ei dobling frå året før.

UiS sin studentinkubator, LevelUp har følgd 30–40 studentar som har eigne gründerprosjekt eller som bidreg inn i oppstartsverksemder. Ordninga Student Taskforce, ei lønt praksisordning for UiS-studentar som ønsker arbeidserfaring med innovasjon, støttar opp om dette.

Hausten 2019 jobba tverrfaglege studentteam saman med lokalt næringsliv for å finne løysingar på reelle problemstillingar. Studentane har vore med på prosjektet InGenious, ei plattform for å ta i mot og løyse utfordringar frå eksterne aktørar. Seks verksemder deltok, og studentar i tverrfaglege team frå Handelshøgskolen ved UiS og Det teknisk-naturvitskaplege fakultet fann løysingar i samarbeid med verksemdene.

Samarbeidet European Consortium of Innovative



Universities (ECIU) mellom tolv universitet i Europa gjer at allereie i 2020 vil vi få internasjonale prosjekt av denne typen.

Tema for Forskingsdagane 2019 var «Miljø». Totalt hadde festivalen nesten 6000 besøkande på 24 forskjellige arrangement. Festivalen føregjekk på tju ulike arenaer, og publikum kunne møte rundt 90 forskarar dei tolv dagane festivalen varte. Eit høgdepunkt var den nasjonale finalen i Forskar Grand Prix som blei halden i Stavanger, med ti finalistar som konkurrerte om å bli kåra til landets beste forskingsformidlar.

Fleire fagmiljø frå UiS var engasjerte under Arendalsuka. I samarbeid med ulike aktørar sette forskarar fokus på klima og teknologi, energi og berekraft, framtidens medisin, smartby, sosial kompetanse, leik og læring i barnehagen og opplæringslova.

Representantar frå UiS deltok på fleire arrangement under Nordens største smartby-konferanse, Nordic Edge. Her arrangerte UiS Nordens leiande konferanse om læringsteknologi for fjerde gong, med 800 deltakarar frå inn- og utland. Eit breitt fagmiljø møtte også publikum på stand.

Verdiskapingsforum ved UiS samla deltakarar frå næringsliv, offentlege verksemder, politikk og academia på medlemsmøte og ope seminar. Dei operasjonelle samhandlingsgruppene under forumet har 15–20 representantar frå ulike verksemder i kvar gruppe, med 3–4 møte i året. I 2019 har fire samhandlingsgrupper vore i aktivitet: klyngeutvikling og store prosjekt, innovasjon og kommersialisering, investering i oppstart- og vekstbedrifter og forum for styreleiarar på universitetsområdet. Gruppene utvekslar informasjon om aktivitet, planar og nye initiativ, og relevante partar følgjer sjølv opp der det er grunnlag for vidare samhandling.

UiS og Næringsforeningen i Stavanger-regionen har oppretta eit tverrfagleg, regionalt traineeprogram som tilbyr studentar ein unik start på karrieren. Ein annan

del av samarbeidet er frukostserien Børs og fakultet og kompetanseserien Styreskolen som Handelshøgskolen ved UiS koordinerer.

Det teknisk-naturvitenskaplege fakultet har hatt stor aktivitet med klyngene Norwegian Energy Solutions, Norwegian Offshore Wind og Stiim Aqua Cluster. Formålet med Stiim er å utvikle nye typar konstruksjonar til berekraftig matproduksjon i havet for den globale marknaden.

Dei nasjonale sentera som ligg under fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora, har hatt ein formidabel vekst i eksternfinansierte prosjekt, med heile 42 nye prosjekt i 2019.

Målet om å vere ein engasjert premiss- og diskursleverandør i samfunnsprosjekt som angår kunst, menneske og samfunnet er oppnådd ved at Fakultet for utøvande kunstfag gjennomførte 220 konsertar og danseproduksjonar i løpet av 2019.

Arkeologisk museum har skapt engasjerande opplevingar for publikum i 2019, og 14 prosent fleire skuleelevar gjesta museet enn i året før.

I 2019 blei UiS sertifisert som Miljøfyrtårn og tilfredsstillar dermed ei rekke kriterium innan miljøpolitikk og arbeid med helse, miljø og sikkerheit og med arbeidsmiljø, avfallshandtering, energibruk, innkjøp og transport. Miljøfyrtårnsertifiseringa blei feira med arrangementet Grøn Dag, der studentar og ulike UiS-miljø var til stades. Same dag blei den nye bytebua på campus opna, og Energilaben for fornybar energi blei innvigd.

## PRISAR TIL TILSETTE VED UIS

### UiS fekk pris for internasjonalisering

Universitetet i Stavanger får heider av Diku for sitt europeiske utdanningssamarbeid. Etableringa av det nye utdanningskonseptet ECIU University, «årets store nyvinning», er blant årsakene til prisen, i tillegg til innvilga kunnskapsallianse og kapasitetsbyggingsprosjekt.

### Innovasjonspris til bitYoga

SR-banks innovasjonspris 2018 blei delt ut til bitYoga ved fyrsteamanuensis Antorweep Chakravorty ved UiS. bitYoga har utvikla ein teknologi som gjev brukarane kontroll over egne data. Prisvinnaren har, saman med UiS-professor Chunming Rong, stifta selskapet som også har skaffa seg europeiske forskings- og utviklingsmidlar.

### Lyses forskingspris til professorar i miljøhistorie


«Korleis skal vi svare på dei store miljøutfordringane, på lokalt, nasjonalt og globalt nivå?» Professor Dolly Jørgensen og professor Finn Arne Jørgensen fekk Lyse sin forskingspris for forskning på miljøhistorie. Prisvinnarane har bidrege til å bygge opp forskingsmiljøet The Greenhouse, som er høgt akta både nasjonalt og internasjonalt.

### Terje Aven blei tildelt fylkeskommunen sin Bragdpris 2019

Verdsleiande forskar innan risikofeltet, UiS-professor Terje Aven, fekk fylkeskommunen sin Bragdpris 2019 for samfunnsinnsats nasjonalt og internasjonalt. Aven er professor i risikoanalyse og risikostyring, og har rettleia meir enn 200 masteroppgåver og 40 ph.d-studentar. Forskinga hans omfattar grunnleggande spørsmål og eit breitt spekter av tema innan risikofaget.

### Peter Szilvay vann Spelemannprisen

Szilvay og Oslo-Filharmonien vann årets Samtids-pris for eit sjangeroverskridande album av Ørjan Matre. Szilvay har dirigert Oslo-Filharmonien, Bergen Filharmoniske Orkester, Det Norske Kammerorkester, Stavanger Symfoniorkester, Den Norske Opera og Ballett med fleire. Han underviser no i dirigering ved Fakultet for utøvande kunstfag ved UiS.





### **Studentstyrte prosjekt og elitedivisjon i NM**

Læringsmiljøprisen for 2019 ved UiS blei tildelt Bjergsted Blåseensemble. Dei fekk ros for studentaktiv læring og kombinasjonen av fagleg, pedagogisk og sosial aktivitet. I år kvalifiserte dei seg til elitedivisjonen i NM. Samtidig får dei Norsk Komponistforening sin ærespris for framifrå tolking av norsk repertoar i NM 2019.



### **Internasjonale prisar til borestipendiatar**

UiS-studentane Dalila Gomes og Shreyansh Divyankar gjekk heilt til topps på International Conference on Ocean, Offshore and Arctic Engineering-konferansen (OMAe) i Glasgow i Skottland. Den prestisjetunge Subrata Chakrabarti Young Professional Award blei tildelt Dalila Gomes frå UiS. I Petroleum Technology Symposium fekk Shreyansh Divyankar prisen Best Paper Award.



## VERKSEMDSOMRÅDE 4: ORGANISASJON OG RESSURSAR

Hausten 2019 starta UiS opp ein ny strategiprosess med horisont fram mot 2030. Dette arbeidet vil ha stor prioritet det komande året, og ein ny strategi skal vere klar til iverksetting neste år. For å sikre seg eit best mogleg grunnlag for utvikling av framtidig strategi blei det bestilt ei evaluering av universitetet sin strategi i perioden 2009–2019. Oppdraget blei gjeve til NIFU, og det tok føre seg både oppnåing av resultat og evaluering av prosessen med å utarbeide og forankre universitetet sin strategi.

Universitetet går frå ein periode med høg vekst og god økonomi til ein situasjon der vi er nøyddde til å stramme inn og prioritere hardare for å nå dei overordna måla våre. Det er stort press på bygningsmassen, og det er nødvendig å utnytte areala våre effektivt samtidig som vi frigjer midlar til investeringar. Det er ei målsetting dei komande åra å auke det økonomiske handlingsrommet for å nå dei strategiske måla våre. Som ledd i dette er det nyleg sett i gang store institusjonelle prosjekt; til dømes prosjekt for å gå gjennom heile studieporteføljen, prosjekt for å auke den eksternfinansierte verksemda og prosjekt for å sikre kostnadseffektiv drift.

### Resultat og vurdering av måloppnåing

#### *Fellestiltak*

OU-prosessen blei avslutta i løpet av 2019, med implementering av ny leiingsmodell med rektor tilsett på åremål. Den nye leiingsmodellen blei innført frå og med 1. august 2019. Den nye toppleiinga består også av ein direktør for organisasjon og infrastruktur og tre prorektorar; prorektor for forskning, prorektor for utdanning og prorektor for innovasjon og samfunn. Dei tre prorektorane rapporterer til rektor, til liks med dekanane. Alle dei sentrale administrative støtte-tenestene er no underlagde desse fire toppleiarane. Hovudmålsettinga med den nye leiings- og organisasjonsstrukturen har vore å styrke den faglege leiinga og gje eit meir tydeleg strategisk fokus for rektor.

Vidare blei det frå og med 1. august 2019 etablert ei eiga avdeling for verksemdstyring og -utvikling under

direktør for organisasjon og infrastruktur, med ansvar for mellom anna digitalisering, prosjektstøtte og prosesstøtte. Formålet med dette var å styrke arbeidet med verksemdstyring og -utvikling, og då særleg viktige prosessar som tidlegare har hatt for svak eigarskap og forankring.

Samtidig blei den tidlegare avdelinga for økonomi og verksemdstyring reindyrka som økonomiavdeling, med ansvar for meir transaksjonelle oppgåver som rekneskap, løn og innkjøp.

I tillegg blei ny organisasjonsstruktur ved Handelshøgskolen ved UiS, med tre avdelingar, gjort gjeldande frå og med 2019.

UiS har hausten 2019 utarbeidd nye retningslinjer for styring av digitaliseringsprosess og -prosjekt ved UiS. Retningslinjene skal mellom anna sikre godt vedtaksgrunnlag for prioritering og igangsetting av digitaliseringsprosjekt og vareta den overordna porteføljestyringa. Innan digitalisering vil UiS spesielt trekke fram arbeidet med styringsportalen/datavarehusløysinga UiS Innsikt og Digital Campus. I UiS Innsikt er modulane Økonomi, HR, Prosjekt, Årsrapport og Forsking etablert. For modulane Utdanning, Miljø og Dashboard er arbeidet sett i gang i 2019, med målsetting om etablering innan 2020. I Digital Campus er digitale løysingar for studentekspedisjon, bestillingsportal, oppdragsportal, porteføljestyring av digitale initiativ, og samhandlingsportal med eksterne på plass. Innan oppdragsportalen er digital løysing for sensorar implementert, medan løysing for timelønte er sett mellombels på vent medan vi ventar på signal om ei nasjonal løysing frå DFØ på området.

Som ledd i utviklinga av eit heilskapleg karriereutviklingssystem for vitenskapleg tilsette, blei det i 2019 vedtatt eit forslag til meritteringsordning som i større grad vil verdsette arbeid med undervisning. Målet med etableringa av ei slik ordning er å styrke den utdanningsfaglege kompetansen og kvaliteten i utdanningane.

Innføring av ny utrekningsmodell for arbeids-



planlegging og ny versjon av arbeidsplanleggings-systemet heng nært saman. I løpet av 2019 blei det klart at ytterlegare ein ny versjon av systemet er under utvikling. På grunn av dette, og av omsyn til kapasitet, har ein valt å vente med dette arbeidet inntil vidare.

UiS blei i 2017 sertifisert med «HR Excellence in Research», som EU-kommisjonen gjev UH-institusjonar som tilpassar HR-strategien sin til prinsippa i EU sitt «Charter & Code». Denne sertifiseringa blei ved års-skiftet fornya for tre nye år.

Arbeidet med Charter & Code er eit godt verkemiddel for å sikre kvalitet og auke bevisstgjeringa på våre interne retningslinjer for rekruttering, kompetanseheving, karriereutvikling og forskningsetikk.

#### *Utvikling av menneskelege ressursar:*

Målsettinga for 2019 var at 28 prosent av professor- og dosentårsverka skal vere kvinner. Prosentdelen kvinner enda på heile 33 i 2019. Dermed har ein allereie overskride målet i strategien for 2020, som blei sett til 29 prosent.

Tala for 2019 representerer ei vidareføring av den positive trenden vi har sett dei siste åra. Mykje av forklaringa på auken i desse måltala kan truleg tilskrivast opprykksprosjektet «Kvinner til topps».

Fyrstekompetanse i 2019 var totalt 75 prosent (ekskl. stipendiatar), som er ein auke frå 2018, og i samsvar med målet for 2019. Auken har vore jamn over fleire år, og UiS er sjølv sagt tilfreds med å nå målet for inneverande år.

Mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar var 15,4 prosent i 2019, som er omtrent på nivå med 2018, og dermed eit lite stykke unna målet om 14 prosent i 2019.

I tråd med føringane i tildelingsbrevet har UiS halde ved lag eit relativt høgt tal på lærlingar, totalt åtte i 2019. Dette representerer nær ei tredobling frå 2016. Utfordringa med sikte på å oppnå ytterlegare auke, er

rett og slett at det er krevjande å få tak i eigna lærling-kandidatar.

UiS har dei siste åra hatt stort fokus på leiarutvikling. Frå 2019 starta UiS eit heilt nytt kurskonsept i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (HVL) kalla «Forskingsleiing på Vestlandet». Her blei det tatt opp 15 deltakarar frå UiS (og 16 frå HVL). Målet er å gje deltakarane leiarkompetanse og gje dei verktøy til å meistre ulike utfordringar i rolla som forskingsleiarar.

Vi har òg starta eit nytt konsept kalla «Kollegarettleiing», der grupper av leiarar med personalansvar møtest for å diskutere saker og gje kvarandre rettleiing. Dette tiltaket er òg eit samarbeid med HVL.

Elles har universitetet ei rekke kurs for nye leiarar med sentrale arbeidsgjevarspørsmål som hovudtema.

Det er alltid krevjande å synleggjere resultatata av ulike leiarutviklingstiltak og andre HR-tiltak. Men medarbeidarundersøkinga syner at delen som er nøgd med utøving av leiing ved UiS har auka med fleire prosent dei siste åra. I tillegg har vi relativt moderate tal på sjølvrapportert mobbing. Desse har halde seg stabile mellom fem og seks prosent dei siste seks åra. Dette kjem truleg dels av at vi jobbar systematisk med å kvalitetssikre leiarrekrutteringar. Tala er også gode indikatorar på at leiarutviklingstiltaka og arbeidet med leiarstøtta gjev effekt.

#### *Effektiv ressursutnytting og ressurstilgang:*

Nasjonale parametrar på tal på studiepoeng per fagleg årsverk syner ein klar tendens med nedgang gjennom fleire år, frå 507,1 i 2017 til 481,4 i 2019. Nedgangen kan skrive seg frå at det har vore ein vekst i faglege årsverk som har lita eller inga undervisningsplikt, som til dømes rekrutteringsstillingar og innanfor eksternfinansiert verksemd.

I noverande strategi for UiS har vi sett eit ambisiøst måltal for totale eksterne inntekter som del av statlege inntekter, 25 prosent i 2020. I 2019 blei resultatet på denne parameteren 18,6 prosent. Vi er nøgde med at

vi har hatt ei positiv utvikling innan ekstern finansiert aktivitet dette året, samtidig som det må understre- kast at det er ei strategisk målsetting for alle einingar å auke inntektene frå NFR, EU og anna eksternfinansierte verksemd.

## ANNA RAPPORTERING

### Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt

Ikkje aktuelt for universitetet i Stavanger.

### Midlar til oppgradering av forskings- og læringsareal

Universitetet i Stavanger fekk i 2019 seks millionar kroner til oppgradering og tilpassing av forskings- og undervisningsareal på campus. Tildelingane blei fordelt til fire delprosjekt på tre fakultet og ei felleseining. Målset- tingane for prosjekta var:

1. nye arbeids- og læringsmoglegheiter for studentar og tilsette for betre kvalitet og meir relevant kompetanse
2. nye møteplassar og arenaer for samarbeid, og tilrettelegging for auka trivsel
3. endra bruk av arealet vil gje grunnlag for forskning – og vil dermed styrke forskingsbasert lærar- utdanning i djup forstand

Gjennomføring av prosjekta er sett til perioden 2019– 2020.

Fakultet for utøvande kunstfag har i 2019 brukt midlar til skilting på campus Bjergsted og montering av teppe- skinner og sceneteppe i konsertsal 1301. Det blei også inngått avtale med ein konsulent ved Kahle Acoustics innanfor akustikk, og arbeidet blei så vidt byrja på i 2019. I 2020 vil arbeidet med nye akustiske modular i den litle konsertsalen halde fram og ferdigstillast i løpet av sommaren.

I 2019 gjennomførte UiS et prosjektet som omfatta ombygging av lokale for å legge til rette for samordning av utdanningsstøtteavdelingane NettOp, UiS EVU og Uniped. Med dette fekk ein etablert ein ny utdannings- orientert møtestad for tilsette, studentar og eksterne med fokus på tverrfagleg arbeid mellom anna knytt opp mot prosjekt i nettverket ECIU.

Det teknisk-naturvitenskaplege fakultet har så vidt kome i gang med oppgradering av fellesareala for studentar i Kjølvs Egelands hus. Det blei montert varmluftsgardiner over inngangsdører i 2019. Resten av midlane vil bli nytta i løpet av fyrste halvår i 2020. Det er mellom anna inngått ein avtale med Statsbygg som går på ombygging av Lesesal C160 .

Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora har nytta midlane til oppgradering av sløydsalen som blir brukt i kunst- og handverk, barnehage- og grunnskulelærerut- danninga, og til etablering av eit leikelaboratorium som primært skal nyttast av barnehagelærerutdanninga.

**Figur 4:** Bruk av tildelte midler og eigenfinansiering

#### Oversikt bruk av tildelte midlar og eigenfinansiering

Prosjekt	Kostnadsramme	2019	2020	Eining
Oppgradering av konsertsalane i Bjergsted	1 140 000	175 000	965 000	Fakultet for utøvande kunstfag
Utdanning og innovasjonslab	4 500 000	4 500 000	-	NettOp/UiS EVU
Utvikling av ein skaparverkstad (Maker space) for lærarutdanningane, barnehage lab og oppgradering av areal for kunstfag	3 060 000	3 060 000	-	Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora
Oppgradering av fellesareal til nye møteplassar for studentar samtidig som det blir lagt til rette for optimalisering av arealbruk i KE-hus.	3 300 000	193 000	3 107 000	Det teknisk- naturvitenskaplege fakultet
<b>TOTAL KOSTNAD</b>	<b>12 000 000</b>	<b>7 928 000</b>	<b>4 072 000</b>	



## RESULTAT OG MÅLOPPNÅING FOR ANDRE MIDLAR TILDELTE I 2019

### Midlar til Kunnskapsenter for utdanning (kap. 201, post 21)

Kunnskapsdepartementet overførte fire millionar kroner til UiS for perioden 1. september til 31. desember 2019, og 4,2 millionar kroner som var ubrukte midlar frå Forskningsrådet.

Overføringa frå Forskningsrådet skal brukast til oppbygging av Kunnskapsenteret (KSU).

KSU har hatt ein oppstartsperiode hausten 2019, og det var derfor forventa eit mindreforbruk av midlane hausten 2019 og behov for overføring til 2020. Det tar tid å få lyst ut og tilsett i ledige stillingar. Den særskilde tildelinga av midlar er blitt nytta til oppbygging av fysiske lokale og infrastruktur for senteret og til verkemiddelpakkar, kommunikasjonsrådgjevar og opplæring.

Rekneskapsrapport for 2019 viser at KSU har ca. tre millionar kroner igjen av den totale tildelinga. Midlar frå den særskilde tildelinga vil òg bli brukte i 2020 for å finansiere verkemiddelpakke og særskilde prosjekt som blir viktige for å vareta ein god start, god kompetanse for alle tilsette og styrking av nasjonalt og internasjonalt samarbeid for å kome raskare i gang.

### Midlar til utvikling og drift av partnerskap i grunnskulelærarutdanningane (Hovudtildelingsbrevet, kap. 281, post 01)

Midlane er i hovudsak nytta til å løne ein fagleg leiar, faglege kontaktpersonar på einingane og ein rådgjevar (til saman 210 prosent stilling), med verknad frå august 2019. Midlane har gått til utvikling av pilotprosjekt og utlysing av universitetsskulesatsing i partnerskap med kommunar og fylke. Det er utnemnt tre universitetsskular og halde oppstartsseminar med desse. Desse kontaktpersonane har ansvar for å få arbeid i gang på skulane og i barnehage som kan styrke praksisopplæring og skulane/ barnehagen sin praksis i tråd med målsettingar i «Lærarutdanning 2025».

Frå august 2019 blei det etablert ei arbeidsgruppe leia av fagleg koordinator. Arbeidsgruppa bidreg til å sikre framdrift i utviklingsarbeidet. Fram til 2020 har ein arbeidd med praksislærarutdanning og samarbeid om utvikling av FoU-prosjekt. Det fyrste viktige området har vore praksislærarutdanning for heile kollegiet, og her er vi godt i gang.

### Studentrekruttering 1-7 (Kap. 226, post 20)

Midlane er nytta til å lage ein rekrutteringsvideo med en mannleg grunnskulelærarstudent i hovudrolla, til rekrutteringsmateriell til bruk på utdanningsmesser og til marknadsføring med hovudvekt på sosiale media.


### Midlar til utvikling av helsefagleg miljø (Kap. 260, post 50)

Universitetet fekk i november 2019 fem millionar kroner til utvikling av det helsefaglege miljøet. Nokre av midlane blei nytta til å utvikle ein modell for medisinnutdanning ved UiS i samarbeid med ei arbeidsgruppe samansett av representantar frå Det helsevitenskaplege fakultet, Det teknisk- naturvitenskaplege fakultet, primær- og sjukehushelsetenesta og utdanningsavdelinga ved UiS. Ein har òg nytta midlar til å frikjøpe to legar som har deltatt i arbeidet med å utvikle fagplan for nytt medisinstudium. I tillegg har ein nytta midlar til å dekke ekstraavgifter til bedømningskomitéarbeid i samband med tilsetting av stipendiatar innanfor helse og medisin.

UiS brukte til saman 0,9 millionar kroner på desse tre tiltaka i 2019. Endeleg rapport for bruken av midlane vil inkludrast i Årsrapport 2020–2021.

---

## IV. Styring og kontroll i verksemda



## RAPPORTERING OM STYRING OG KONTROLL

Universitetet i Stavanger har etablert tilfredsstillande styring og kontroll i samsvar med Økonomireglementet §§4 og 14 og vedtak i pkt. 2.4 om intern kontroll.

1) Strategidokumentet omtalar UiS sine hovudoppgåver og mål, og er det overordna styringsdokumentet. Her blir det omtalt korleis ansvar, oppgåver og myndigheit er fordelt.

2) UiS har etablert nettbasert tilgang til aktuelle lover og føresegner som gjeld for verksemda gjennom eigne handbøker på intranett: økonomihandbok, prosjekthandbok, medarbeidarhandbok, leiarhandbok og HMS-handbok.

3) ISO-sertifisering av IT-sikkerheita (informasjonsteknologi) ved universitetet.

4) Nødvendig opplæring og kurs er ein viktig del av styring og kontroll ved UiS, slik at arbeidstakarane har kunnskapen og ferdigheitene dei treng innanfor sine aktuelle fagfelt.

5) UiS arbeider kontinuerleg med kartlegging og oppdatering av hovudprosessane ved UiS. Dette har vore gjort gjennom prosesskart/flytdiagram. Prosesskarta inneheld skildringar av prosessar frå start til slutt, med tilhøyrande risikoar som har blitt identifiserte gjennom prosessen.

6) UiS har etablert risikostyringsverktøy på ulike nivå i verksemda.

Denne prosessen med tilhøyrande tiltak er sett i gang over dei siste åra, blant anna for å vere til hjelp for leiinga med å handtere risiko i tråd med risikonivået det er semje om.

Universitetet si tilnærming bygger på anerkjende rammeverk for risikostyring, COSO-rammeverket, og arbeidet bygger på ei vurdering av vesentlege og kritiske hendingar som kan påverke måloppnåing. Hendinga-

ne blir vurderte med tanke på kor sannsynleg det er at noko skal skje, og dessutan konsekvens, der svakheiter i kontrollsystema er identifiserte. Dette dannar grunnlag for å vurdere kvaliteten i det interne kontrollsystemet som er etablert, eventuelt kome med innspel til utvikling av nye nøkkelkontrollar og legge til rette for tiltak.

UiS har utvikla internkontrollsystemet ut i frå desse komponentane:

- a) kontrollmiljø
- b) risikovurderingar
- c) kontrollaktivitetar
- d) informasjon og kommunikasjon
- e) oppfølging

Desse komponentane skal støtte opp om verksemda sine mål om:

- f) målretta og formålstenleg drift
- g) påliteleg rapportering
- h) at lover og reglar blir overhaldne

UiS sin modell for internkontroll er per i dag ikkje uttømmande, men det blir arbeidd kontinuerleg med ytterlegare tilpassingar og forbetringar av prosessane. Internkontroll-løysingane ved UiS blir vurderte til å gje tilstrekkeleg og god forvaltningskvalitet i form av målretta og effektiv drift, påliteleg rapportering og at lover og reglar blir overhaldne. Internkontroll er ein kontinuerleg prosess ved verksemda, og moglege avvik blir følgde opp. Internkontrollen i verksemda er dokumentert gjennom eigne handbøker på intranett: økonomihandbok, prosjekthandbok, medarbeidarhandbok, leiarhandbok og HMS-handbok med tilhøyrande rutinar og malverk.

Det har ikkje vore spesielle hendingar, vesentlege forhold og vesentlege endringar eller særskilte tiltak på universitetet i 2019.

UiS har ingen vesentlege merknadar frå Riksrevisjonen i Dokument 1 til oppfølging. Vår vurdering er at verksemda har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å gjennomføre den administrative forvaltninga med tilstrekkeleg kvalitet.



## PERSONVERN OG INFORMASJONSSIKKERHEIT

UiS har etablert personvernombod med hovudoppgåve å informere og gje råd om dei forskjellige forpliktingane verksemda har etter den nye personvernlova. Personvernombodet skal òg rapportere jamleg til behandlingsansvarleg. Dersom tilsette, studentar eller andre ber om innsyn i eigne persondata, skal førespurnaden gå via personvernombodet.

UiS har hausten 2019 arbeidd blant anna med å:

- slutføre GDPR-prosjektet, medrekna å utarbeide policy og handbok i GDPR
- vidareutvikle og etablere verktøy for tilsette og studentar i deira arbeid med personvern
- skaffe program for kartlegging og handtering av behandlingsaktivitetar hos dei einskilde einingane
- gjennomføre vurdering av risiko- og personvernkonsekvensar for alle behandlingar der det er nødvendig
- få på plass alle databehandlingsavtalar frå leverandørar UiS nyttar seg av, som behandlar våre persondata
- utarbeide ei sjekklister for dei ulike einingane og saksbehandlarar for handtering av personvern
- kontrollere at interne rutinar for personvern blir etterlevde
- ha oppfølging og opplæring av tilsette

## INKLUDERINGSDUGNADEN

UiS tenker inkludering i vid forstand, og har derfor etablert ei rekke inkluderings- og velferdsordningar, også for utanlandske tilsette. Blant anna får desse ulike tilbod om språkopplæring og deltaking på mottaksprogram saman med eventuell ektefelle/partnar.

UIS har til kvar tid mange personar på praksisplass via NAV. Ved utgangen av 2019 hadde UiS i alt 20 personar på arbeidsmarknadstiltak på midlar frå NAV eller med delfinansiering frå NAV. Dette er fleire enn nokon gong tidlegare. Gjennom åra har vi ei rekke døme på at personar med praksisplass har fått arbeid ved UiS, fast eller mellombels. Her er det så langt ikkje ført statistikk, og vi kan derfor ikkje rapportere tal for 2019 i tråd med

fellesføringa til statlege verksemdar.

UiS nyttar elles JobbAdmin som rekrutteringssystem. Her kan søkar registrere mellom anna funksjonsnedsetting og «hol i CV-en». Sistnemnde er ny funksjonalitet frå 2020. Denne moglegheita for registrering i systemet hjelper til å sette fokus på vurdering av søkarar med ulike utfordringar, i tråd med inkluderingsdugnaden, og gjev oss høve til på sikt å kunne ta ut rapportar med omsyn til talet på søkarar som har bekrefta at dei har redusert funksjonsevne eller «hol i CV-en», og kor mange av desse som er tilsette. I 2019 blei det tilsett éin person (av totalt 39) som hadde informert om funksjonsnedsetting i CV-en.

UiS har pr. i dag ikkje sett i verk særskilde tiltak for å nå fem prosent-målet med omsyn til inkludering, men dette vil bli vurdert i 2020. Støtte til leiarar ved rekruttering av medarbeiarar er ved UiS sentralisert i HR-avdelinga sitt rekrutteringsteam. Rådgjevarar i teamet er kjende med inkluderingsdugnaden og vil i løpet av våren 2020 gå gjennom Difi si seminarrekke om inkluderingsdugnaden.

## MOTVERKE ARBEIDSLIVSKRIMINALITET

UiS er medlem av Etisk handel Noreg, og som eit vilkår i dette medlemskapet må ein kvart år rapportere om framdrifta når det gjeld etiske krav. Rapporten er offentleg tilgjengeleg, og dei siste rapportane er òg tilgjengelege på universitetet sine eksterne nettsider.

Som ein del av innkjøpsstrategien til UiS for perioden 2017–2020 er det utarbeidd ein handlingsplan for etisk handel. UiS tar aktivt samfunnsansvar gjennom å stille krav til menneskerettar, arbeidstakarrettar, utvikling og miljø i utvalde anskaffingar. UiS stiller etiske krav både som kontraktsvilkår og kvalifikasjonskrav i dei utvalde anskaffingane. Dette blir følgt opp gjennom avtaleperioden dersom ein har inngått ein rammeavtale. UiS har ein rutine for å følgje opp etiske krav i rammeavtalar.

UiS tildelte i 2019 oppdrag til eit revisjonsfirma om

gjennomføring av ein kontorrevisjon. Revisjonen gjeld systemet ein av UiS sine rammeavtaleleverandørar har for oppfølging av UiS sitt kontraktsvilkår om etisk handel. Målet med revisjonen er å betre leverandøren sitt system for oppfølging av etisk handel i heile leverandørkjeda, og dermed betre arbeidsvilkår og menneskerettar for arbeidarane i landa der produksjonen skjer. Revisjonen blei gjennomført, og enda med ein rapport som også omhandla råd til betringar. Tilrådingane frå rapporten er til vurdering og blir følgde opp både hos universitetet og avtaleleverandøren.

UiS stiller relevante krav om gjengs løns- og arbeidsvilkår i alle tenestekontraktar. Leverandøren skal sørge for at tilsette hos leverandøren og eventuelle underleverandørar som direkte medverkar til å følgje opp kontrakten, har løns- og arbeidsvilkår i samsvar med vilkåra tatt inn i forskrift 8. februar 2008 nr. 112 om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. UiS har utarbeidd ein rutine for oppfølging av løns- og arbeidsvilkår der det er risiko forbunde med dette. Det er òg vurdert kva avtalar og leverandørar som skal følgjast opp i 2020 på bakgrunn av ei overordna risikovurdering. I avtalane som er vurderte å ha risiko knytt til løns- og arbeidsvilkår, vil vi sende eigenrapporterings-skjema til avtaleleverandørane.

## SIKKERHEIT OG BEREDSKAP

UiS Incident Response Team, (UiS IRT) lokalisert i IT-avdelinga har som funksjon å handtere uønskete digitale hendingar. UiS IRT er tilknytt UNINETT sitt nasjonale Computer Emergency Response Team (CERT) for UH-sektoren som er eit breiare samansett team som produserer analysar og varslingsom UiS IRT følgjer opp. Studentar og tilsette melder uønskete digitale hendingar via it-hjelp@uis.no. UiS IRT handterer uønskete digitale hendingar etter ei førehandsdefinert gradering av alvor. Det følgjer IT-avdelinga sitt system for avvik, incident eller krise forklart i IT-avdelinga sin dokumentasjon.

UiS har gjennomført følgjande kriseøvingar i 2018 og 2019:

Mars 2018: Funksjonsøving: varslings- og mobiliseringsøving med frammøte for kriseleiinga. Ikkje behov for oppfølging.

Hausten 2018: Fullskala evakueringsøving brann/eksplosjon ved UiS – Evaluering, plan og gjennomføring av fysiske forbetringar.

I juni 2018 blei det gjennomført ei integrert funksjons- og diskusjonsøving for kriseleiinga og loggførarar. Blant anna:

- kalle inn kriseleiinga
- loggføring av hendinga i UiS KunnskapsCIM
- gjennomføre fyrste møtet i kriseleiinga jf proaktiv stabsmetodikk
- tildele oppgåver i UiS KunnskapsCIM

Planlagt og gjennomført oppfølging av øvinga: Loggførartrening gjennomført 15. november 2018 og 25. januar 2019.

I desember 2018 blei det gjennomført ei integrert speløving, funksjons- og diskusjonsøving for kriseleiinga ved UiS. Blant anna:

- ta i mot melding på UiS sin beredskapstelefon om krise - bruk av "bankkort"/tiltakskort for mottak av melding
- opprette hendinga i UiS KunnskapsCIM
- innkalle kriseleiinga, loggførarar og info-stab
- faktisk mobilisering
- dimittering av varaperson/»overflødige» loggførarar
- gjennomføring av strategisk fyrstemøte i kriseleiinga

Det er laga ein oppfølgingsplan etter øvinga som delvis er følgd opp.

Planlagt øving for kriseleiinga i desember 2019 blei utsett til januar 2020.

Januar 2019: Diskusjonsøving (tabletop) IT-avdelinga. Gjennomføring av scenario basert på IT-samanbrot. Evaluering og oppfølgingsplan.

Hausten 2019: Fullskala evakueringsøving brann/eksplosjon ved UiS. Evaluering, plan og gjennomføring av fysiske forbetringar.

UiS har tatt initiativ til og sidan starten vore ein aktiv pådrivar og arrangør i Nettverk for beredskapsøvingar i UH-sektoren.

## **LIKESTILLING, MANGFALD, DISKRIMINERING OG TILGJENGELEGHEIT**

Universitetet sitt arbeid med likestilling skal fremme likestilling blant tilsette og studentar, og sikre at alle har like moglegheiter og rettar uavhengig av kjønn, funksjonsevne, etnisitet, religion, legning eller politisk overtyding. Arbeid med likestilling er forankra i universitetsleiinga og inngår som eit viktig ansvar for leiarar på alle nivå.

Kjønnsbalanse blant vitenskapleg tilsette er viktig for UiS. Sidan starten av balanseprosjektet «Kvinner til topps» i 2015 har delen kvinnelege professorar auka med heile 12 prosentpoeng, til om lag 33 prosent. Hausten 2019 starta vi opp ein ny runde av balanseprosjektet, finansiert med interne midlar. Prosjektet har no 20 deltakarar som er forventa å kunne søke opprykk etter fullenda prosjekt.

Kvart år blir kjønnsbalansen blant studentane i studieprogramma vurdert, medrekna behovet for kjønnskvotering og kjønnsbalanse i dei ulike studieprogramma.

UiS er generelt opptatt av å få til ei god utvikling av det psykososiale arbeidsmiljøet, blant anna gjennom å redusere mobbing og trakassering. Sistnemnde har UiS arbeidd systematisk med sidan 2009, då medarbeidarundersøkinga blei gjennomført for fyrste gong. Sidan har medarbeidarundersøkinga vorte gjennomført annakvart år, seinast i 2019. I undersøkinga blir dei tilsette stilt spørsmål relaterte til forskjellsbehandling på bakgrunn av kjønn, alder og etnisitet. For 2019 blei det også lagt inn egne spørsmål relaterte til seksuell trakassering (dei same spørsmåla som blir stilte i den nasjonale undersøkinga om seksuell trakassering). I etterkant av undersøkinga gjennomfører vi eit systema-

tisk og kontinuerleg oppfølgingsarbeid. Blant anna er det systematisk oppfølging av dei einingane som rapporterer om arbeidsmiljøproblem. Medarbeidarundersøkinga viser at mobbetala ved UiS har gått signifikant ned i løpet av dei ti åra undersøkinga er gjennomført, frå nær 10 prosent på det høgste til femseks prosent dei siste åra.

UiS har lenge hatt rutinar for varsling av kritikkverdige forhold. Leiarar og tilsette ved UiS blir regelmessig informerte og minte om varslingsrutinar. Det er også utvikla eit elektronisk varslingsssystem for slike og andre forhold. Varslingssystemet er todelt, eitt for studentar og eitt for tilsette. Resultat frå Studiebarometeret tyder på at vi framleis må styrke innsatsen for å gjere varslingsssystemet kjent blant studentane.

Vidare får leiarar systematisk opplæring og trening i konflikthandtering. Kvar haust får nye leiarar grunnleggande opplæring i sentrale arbeidsgjevarspørsmål. Tema som likestilling og mangfald inngår i denne opplæringa. I 2019 starta UiS opp eit heilskapleg leiarutviklingsprogram. I dette programmet inngår likestilling og mangfaldsarbeid/-leiing, der tema er korleis ein kan motverke og handtere diskriminering. Det er særleg fokus på mangfaldsgevinsten.

Ved nyrekruttering vurderer vi om kvinner, ev. menn, skal oppmodast særskild til å søke den aktuelle stillinga, på bakgrunn av kjønnsamansetting ved eininga eller for stillingsgruppa. På nettsidene oppmodar UiS folk om å søke stilling, uavhengig av kjønn, funksjonsevne eller kulturell bakgrunn. Rekrutteringssystemet tar òg vare på søkaren sine moglegheiter for å informere om etnisitet (i tillegg til hol i CV-en og nedsett funksjonsevne), slik at rettane deira blir sikra i rekrutteringsprosessen. I 2019 blei det tilsett 13 personar som i søknaden informerte om at dei hadde innvandrarbakgrunn.





---

## V. Vurdering av framtidsutsikter



## **Innleiing**

Vårt samfunnsoppdrag er høgare utdanning, forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid, formidling og innovasjon. Dette oppdraget har vi konkretisert og gjort til mottoet vårt: *Vi vil utfordre det velkjente og utforske det ukjente.*

Vår visjon - drivkraft i kunnskapsutvikling og endring: *Universitetet i Stavanger skal ha ein innovativ og internasjonal profil og vere ei drivkraft i kunnskapsutviklinga og endringsprosessar i samfunnet.*

Strategi for UIS 2017–2020 har tre tverrgående og gjennomgripande satsingsområde: samfunnsutvikling og innovasjon, internasjonalisering og digitalisering.

Våre verdier er *uavhengig, involverande og skapande.*

Inneverande år er siste året for gjeldande strategi, og det er sett i verk ein ny strategiprosess med mål om å vedta ein ny langsiktig strategi hausten 2020.

Planar 2020 er eit styringsdokument som omfattar område som skal ha særskild merksemd i det komande året. Planane skal sikre best mogleg måloppnåing for alle verksemdsområda.

Dei siste åra har UiS lagt ned stor innsats for å bygge kapasitet og vidareutvikle universitetet si strategiske satsing på helse og velferd. Kunnskapsdepartementet har løyvd fem millionar kroner til denne satsinga, noko som er svært gledeleg.

UiS og Universitetssjukehuset i Stavanger (SUS) har arbeidd i fleire år for å få medisinutdanning til Stavanger. Grimstadutvalet la i oktober 2019 fram sin rapport som konkluderte med at Noreg har eit stort behov for nye studieplassar i medisin. Det opnar for spennande moglegheiter for å etablere ei medisinutdanning ved UiS. Samtidig er det behov for eit nytt helsefagleg bygg i samarbeid med sjukehuset, med felles areal til simulering og trening.

## **VERKSEMDSOMRÅDE 1: UTDANNING**

### **1.1 Verksemdsmål**

Universitetet sitt hovudmål er å vere eit attraktivt universitet av høg internasjonal kvalitet med utdanningar tilpassa framtidens arbeidsliv. Våre tverrgående satsingar - digitalisering, internasjonalisering, samfunnsutvikling og innovasjon – og utviklingsavtalen mellom KD og UiS, er grunnlag for planen for dette verksemdsområdet.

UiS skal ha eit studietilbod som varetar dannelsingsaspektet, gjev studentane solid basiskompetanse og samtidig gjev moglegheit for spesialisering og erfaring frå arbeidslivet. Våre tilsette og studentar skal i fellesskap vidareutvikle fagmiljø som i samarbeid med omverda gjev relevante og framtidsetta studietilbod for eit samfunn og ein region i endring. Undervisninga skal vere prega av nytenking og vekt på forskingsbasert og studentaktiv læring. Vi skal utvikle ei sterk kopling mellom utdanning og forskning og involvere studentane i forskinga. På denne måten skal vi tiltrekke oss dugelege og ambisiøse studentar.

### **1.2 Utfordringsbilete**

Det er ei utfordring å utvikle studietilbodet i takt med – og helst i framkant av – arbeidsmarknaden sin endra etterspurnad. Vi må sikre at vi uteksaminerer kandidatar med relevante kunnskapar og god basiskompetanse samtidig som vi varetar dannelsingsaspektet. Vi må derfor auke samarbeidet med arbeidslivet i utviklingsprosessane våre og i undervisninga og legge til rette for livslang læring. Livslang læring og etter- og vidareutdanning som utdanningsområde vil bli påverka av Markussen-utvalet si innstilling og regjeringa sitt arbeid med kompetansereforma i arbeidslivet “Lære hele livet”.

Kunnskapssenter for utdanning blei offisielt opna ved UiS den 12. november 2019. Neste år vil UiS arbeide målretta for at senteret skal få ein god start på utviklinga av den sentrale rolla det er tiltenkt i sektoren si kunnskapsutvikling.

NOKUT sitt tilsyn med universitetet sitt systematiske



kvalitetsarbeid avdekte vesentlege svakheiter i systembeskrivinga. Resultata på gjennomføring og kandidatproduksjon og resultata frå Studiebarometeret viser også at universitetet kan arbeide vidare med kontinuertleg forbetring av kvaliteten i studia og studentane si tilfredsheit. Nøgde studentar som gjennomfører studia med gode resultat, er universitetet sine beste ambassadørar. Det er viktig at UiS evnar å styrke omdømmet som lærestad og Stavanger som studentby for å kunne trekke til seg dugelege og ambisiøse studentar i framtida. Vi må auke merkemda omkring og statusen til undervisninga og styrke satsinga på kvalitets- og utviklingsarbeid, nye læringsformer og læringsarenaer. I samsvar med nasjonal politikk og eigen strategi skal vi arbeide for å integrere innovasjon og entreprenørskap, digitale ferdigheiter og internasjonalisering betre som element i studia og studieporteføljen.

### 1.3 Tiltak 2020

For å møte dei utfordringane universitetet står overfor, vil ein prioritere følgjande fellestiltak:

#### 1.3.1 Fellestiltak

1. involvere heile organisasjonen og studentane i å revidere, forankre og implementere kvalitetssystemet for å vere vel førebudde på nytt tilsyn frå NOKUT i 2021
2. halde fram med oppfølgingsarbeidet etter Studiebarometeret, og vurdere og eventuelt sette i verk fleire og meir systematiske tiltak for å auke studenttilfredsheita
3. styrke satsinga på internasjonalisering gjennom arbeidet med ECIU University og følgje opp tilrådingane i Ravndalrapporten med innføring av ny metodikk for å auke studentmobilitet og «opt out»-ordninga
4. vurdere balansen i studieporteføljen mellom bachelor- og masterstudia, mellom anna i samband med styret sine saker om kvalitet i studieporteføljen
5. halde fram arbeidet med å planlegge ei medisinutdanning ved universitetet
6. legge til rette for meir samarbeid med arbeidslivet ved å styrke praksis i studieprogramma gjennom mellom anna implementering og bruk av arbeids-

livsportalen

7. styrke samarbeidet med arbeidslivet om master- og bacheloroppgåver og andre prosjekt gjennom samhandlingsportalen

8. innføre nye digitale løysingar og vidareutvikle eksisterande løysingar, mellom anna digital emneevaluering, digital studentekspedisjon og digital overvaking av bruken av undervisningsrom for å betre arealutnyttinga i samsvar med campusplanen

## VERKSEMDSOMRÅDE 2: FORSKING OG KUNSTNARISK UTVIKLINGSARBEID

### 2.1 Verksemdsmål

UiS skal vere ein ettertrakta forskingspartner som følgje av kritisk og uavhengig forskning med høg internasjonal kvalitet, ein forskingspartner som trekker til seg forskningstalenta.

UiS skal fokusere på å auke ekstern finansiering i tett samarbeid med arbeidslivet. Vi vil også legge til rette for å styrke mobilitetsordningar for mellombels vitskapleg tilsette og for fast tilsette. UiS vil styrke samarbeidet med NORCE. Eit styrkt samarbeid vil auke mogleheita for å lukkast med søknadar til Forskningsrådet og til H2020. UiS ønsker å styrke sampubliseringa med internasjonale forskingspartnerar gjennom gode mobilitetsordningar.

### 2.2 Utfordringsbilete

Det er hard konkurranse om eksterne forskingsmidlar. UiS er avhengig av forskingsmidlar frå NFR, EU og andre offentlege kjelder og frå private aktørar for å vidareutvikle forskingsmiljøa. Siste året har UiS hatt ei gledeleg utvikling i BOA-inntektene, men for at denne utviklinga skal halde fram, må ein arbeide kontinuerleg internt og med andre aktørar om å auke ekstern finansiering. Det har vore ein flott oppgang i internasjonal sampublisering frå 2017 til 2019, og for at denne utviklinga skal halde fram, er det viktig framleis å ha fokus på internasjonalt samarbeid og sampublisering med internasjonale forskarar. UiS må synleggjere betre dei framifrå forskingsmiljøa vi allereie har og prøve å bygge opp fleire slike miljø.



## 2.3 Tiltak 2020

For å møte dei utfordringane universitetet står overfor, vil ein prioritere følgjande fellestiltak:

### 2.3.1 Fellestiltak

1. Auke talet på søknadar med høg kvalitet til eksterne finansieringskjelder og særleg til EUs rammeprogram for forskning, arbeide tett med NORCE og tilby eit vidt spekter av kurs og insentiv for forskarane. Posisjonering inn mot Horizon Europe blir viktig for UiS og vil bli sett på dagsorden framover.
2. Legge til rette for auka internasjonalt forskings-samarbeid og sampublisering ved å utvikle føreseielege ordningar for mobilitet, forskningstermin og forskar-opphald i utlandet.
3. Følgje nøye opp den opne vitskap-policyen for UiS som skal vedtakast våren 2020.
4. Gå gjennom eksisterande praksis og foreslå tiltak for å redusere gjennomføringstida for ph.d.-kandidatar.

## VERKSEMDSOMRÅDE 3: SAMFUNNS-ENGASJEMENT

### 3.1 Verksemdsmål

UiS skal vere ein profilert formidlingsinstitusjon og ein kompetanseinstitusjon som gjennom samarbeid skapar verdiar og ny kunnskap til nytte for individ og samfunn.

### 3.2 Utfordringsbilete

UiS sine aktivitetar og tilbod må bli endå betre kjende eksternt og i arbeidslivet spesielt, og universitetet sine aktivitetar må i endå sterkare grad bidra til innovasjon gjennom samarbeidsprosjekt med eksterne partnarar. Rolla som pådrivar i kunnskapsutviklinga i ein region med behov for omstilling og nyskaping må styrkast.

## 3.3 Tiltak 2020

For å møte dei utfordringane universitetet står overfor, vil ein prioritere følgjande fellestiltak:

### 3.3.1 Fellestiltak

1. vidareutvikle universitetet si eksterne heimeside
2. prioritere forskingsformidling og historieforteljning

om innovasjon og samspel med eksterne aktørar i digitale kanalar

3. vidareutvikle entreprenørskapsaktivitetane gjennom styrkt oppfølging internt og ved samhandling med arbeidslivet
4. styrke samarbeid med kultur-, samfunns- og arbeidslivet gjennom aktivitetar som involverer fagmiljø og studentar
5. fullføre implementeringa av samhandlingsportalen ved heile UiS

## VERKSEMDSOMRÅDE 4: ORGANISASJON OG RESSURAR

### 4.1 Verksemdsmål

UiS skal vere ein open, brukarorientert og lærande organisasjon, kjend for eit godt arbeids- og læringsmiljø og ein samarbeidskultur prega av nytenking, engasjement og gjensidig respekt.

### 4.2 Utfordringsbilete

